


# Samspelet mellom havenergilova og energilova ved regulering av energinettet

*Er nettreguleringa til havs tilstrekkeleg føreseieleg for aktørar, og korleis kan eventuelt dette betrast?*

Kandidatnummer: 203

Tal ord:

14968



JUS399 Masteroppgåve  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

10.05.2023

# Innholdsliste

Innholdsliste .....	1
1 Innleiing .....	3
1.1 Tema og aktualitet.....	3
1.2 Problemstillingar og framstillinga vidare.....	4
1.3 Rettskjeldebilete .....	6
2 Sentrale reguleringar i havenergilova og energilova.....	9
2.1 Materielt verkeområde .....	9
2.2 Geografisk verkeområde .....	11
2.3 Føremål.....	12
3 Konesjonsprosessen for nettanlegg.....	15
3.1 Innleiing .....	15
3.2 Konesjonsprosessen etter havenergilova .....	15
3.2.1 Opning og utlysing areal .....	15
3.2.2 Søknadsprosessen.....	16
3.3 Konesjonsprosessen etter energilova .....	18
3.4 Forvaltningspraksis .....	20
3.4.1 Konesjonar etter havenergilova .....	20
3.4.2 Konesjonar i sjøområde etter energilova .....	22
3.4.3 Samla betraktningar.....	23
4 Betydinga av EØS-retten for nettregulering til havs .....	26
4.1 Innleiing .....	26
4.2 Verkeområdet etter EØS-avtala .....	27
4.3 Har det geografiske skilje praktisk betydning? .....	29
4.4 Kort om det rettspolitiske behovet for å ha eit felles europeisk regelverk til havs ..	31
5 Eit sameint kraftsystem? .....	33
5.1 Innleiing .....	33
5.2 Regulering av systemansvar og eigarskap .....	35
5.2.1 Klassifisering av nettanlegg .....	35
5.2.2 Systemansvar og eigarskap .....	36
5.3 Tariffing .....	39
5.4 Tilknytning- og investeringsplikt.....	41

5.5	Marknadsadgang .....	43
6	Kan energilova regulere nettanlegg utanfor grunnlinja? .....	45
6.1	Utviding av energilova manglar heimel .....	45
6.2	EØS-retten som skranke for utviding .....	45
6.3	Er det tenleg å utvide konsesjonskrava for nettanlegg etter energilova? .....	46
6.4	Behovet for einskapleg regulering av energinettet .....	48
6.5	Avsluttande betraktningar .....	49
	Kjeldeliste.....	51

# 1 Innleiing

## 1.1 Tema og aktualitet

Temaet for masteroppgåva er samspelet mellom lov 4. oktober 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova – havenl.) og lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilova – enl.) ved regulering av energinettet. Etablering og drift av eit nettanlegg frå ein havvindpark utanfor grunnlinja til eit tilknytingspunkt på land, aktualiserer både lover. Oppgåva skal gjere ein rettsdogmatisk analyse av dagens regelverk med føremål om å vurdere om regelverket er føreseieleg for utbyggjarar av nettanlegg til havs. Eventuelt blir spørsmålet korleis regelverket kan gjerast meir føreseieleg.

I tillegg til ei klimakrise, står verda ovanfor ei energikrise som følgje av Russlands invasjon av Ukraina. Dette, saman med eit auka energibehov, skyt etterspurnaden etter fornybar energi til værs – eller kan ein seie til havs? I Europa blei det i 2022 bygd ut havvind med ein installert effekt på 2,5 GW av totalt 30 GW.<sup>1</sup> EU har mål om 60 GW havvind innan 2030 og 300 GW innan 2050.<sup>2</sup> Europakommisjonen sitt arbeid knytt til "European Green deal", under dette revisjonen av infrastrukturforordninga, har ført til sterkare regionale samarbeidsinsentiv.<sup>3</sup> Medlemsstatane har gjennom ikkje juridisk bindande avtalar einast om ein samla ambisjon om 111 GW fornybar energiproduksjonskapasitet til havs innan 2030.<sup>4</sup> Ei rask og koordinert utvikling av nettinfrastruktur til havs er ein sentral del av EUs REPowerEU-plan, som går ut på å gjere Europa uavhengig av fossilt brensel frå Russland.<sup>5</sup>

Noreg har gjennom Parisavtala plikta å redusere klimautsleppa med 50 prosent innan 2030.<sup>6</sup> Auka forbruk som følgje av klimaomstilling og industrisatsingar vil redusere det norske kraftoverskotet, og utløyse eit behov for meir kraftproduksjon.<sup>7</sup> DNV har rapportert at Noreg ikkje er i rute til å nå klimamåla for 2030, og at Noreg har eit sannsynleg kraftunderskot i

---

<sup>1</sup> Wind Europe (2023) s. 9.

<sup>2</sup> COM/2020/741 s. 1.

<sup>3</sup> Forordning 2022/869/EU.

<sup>4</sup> European Commission (2023).

<sup>5</sup> COM/2022/230.

<sup>6</sup> Måla i Parisavtala er lovfesta gjennom lov om klimamål § 3 første ledd.

<sup>7</sup> Statnett - rapport (2022).

2026-2035.<sup>8</sup> Energikommisjonen har i sin rapport frå februar 2023 talfesta kraftbehovet til minst 40 TWh høgare fornybar kraftproduksjon innan 2030, skal Noreg nå samfunnsmåla.<sup>9</sup> Det haster difor å auke produksjonen av fornybar energi.

Havenergilova regulerer fornybar energiproduksjon til havs, til dømes bølgekraft, tidevasskraft og havvind.<sup>10</sup> Noreg satsar på havvind med eit ønskje om å utnytte konkurransefortrinnet norsk industri har gjennom erfaringar frå petroleumsindustrien, samt moglegheita til å nytte havvind til å elektrifisere petroleumssektoren for å redusere nasjonale klimagassutslepp.<sup>11</sup> Regjeringa har også store ambisjonar for utvikling av havvind tilknytt land, og planlegg å tildele areal med potensiale for 30 GW havvindproduksjon innan 2040.<sup>12</sup> Regjeringa har opna og lyst ut områda Utsira Nord og første fase av Sørlege Nordsjø II med ein samla produksjonskapasitet på 3000 MW, og tek sikte på tildeling av havvindkonsesjonar mot slutten av 2023.<sup>13</sup>

Ettersom elektrisk kraft ikkje kan lagrast, må forbruk og eksport i kraftnettet til ei kvar tid balanserast med produksjon og import.<sup>14</sup> Vindkraft er vêravhengig og gjev variabel produksjon, slik at det er behov for ein marknad som kan ta imot krafta med det same. Difor må det leggjast til rette for og byggjast kraftoverføringsnett frå havvindparkar til kraftnettet på land, petroleumsinstallasjonar eller utanlandske marknader.<sup>15</sup> Oppgåva vil fokusere på regelverket for nettanlegg frå eit produksjonsanlegg, til eit tilknytingspunkt i norsk kraftnett. Der det er aktuelt, blir produksjonsanlegg og utanlandskablar nemnt.

## 1.2 Problemstillingar og framstillinga vidare

Omgrepet nettregulering blir i oppgåva nytta som eit paraplyomgrep som famnar om all regulering i relasjon til nettverksemd. Nettverksemdar omfattar føretak som driv overføring, omforming eller fordeling av elektrisk energi, og som utgjer ein del av eit naturleg monopol.<sup>16</sup> Med utgangspunkt i eit overordna mål om samfunnsøkonomisk effektiv ressursbruk er det

---

<sup>8</sup> DNV (2022).

<sup>9</sup> NOU 2023: 3 s. 25.

<sup>10</sup> Havenl. § 1-2.

<sup>11</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 6; Innst. 81 L (2022-2023) s. 2.

<sup>12</sup> Regjeringa - artikkel (2022).

<sup>13</sup> Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II (2023); Olje og energidepartementet – Utsira Nord (2023).

<sup>14</sup> Mauren (2021) s. 626.

<sup>15</sup> Mauren (2021) s. 626.

<sup>16</sup> Jf. enl. § 1-3 tredje ledd.

viktig at nettverksemd er underlagt nettreguleringar, som inkluderer reglar om konsesjonar for anlegg og drift, tilsyn, tilknytning- og investeringsplikt, marknadsadgang, eigarskap, inntekt og tarriffering. Oppgåva skal handsame samspelet mellom nettreguleringa i energilova og havenergilova.

Havenergilova krev konsesjon for etablering av nettanlegg utanfor grunnlinja, medan energilova krev konsesjon for etablering av nettanlegg innanfor grunnlinja.<sup>17</sup> Ein fysisk samankopla kabel frå eit produksjonsanlegg utanfor grunnlinja til eit tilknytingspunkt på land, krev dermed konsesjon etter både havenergilova og energilova. Det reiser spørsmål om kvifor vi operer med eit skilje ved grunnlinja og kva konsekvensane er. Verkeområda til havenergilova og energilova vil bli meir omfattande diskutert i kapittel 2 før konsesjonsprosessane og etablert praksis etter dei to regelverka vil gjerast greie for i kapittel 3. I kapittel 4 skal betydinga av EØS-retten for regulering til havs undersøkjast, og under dette blir det spørsmål om EØS-avtala sitt stadlege verkeområde.

Utover føresegn om konsesjonsprosessen, inneheld havenergilova knapt reglar om energinettet. Energilova med forskrifter inneheld derimot omfattande nettregulering. Som ein del av EUs indre energisamarbeid blir kraftmarknaden gradvis meir prega av energilovgivning frå EU.<sup>18</sup> Sentralt for regulering av nettverksemd er EUs tredje energimarknadspakke frå 2009 som vart innlemma i EØS-avtala i 2018, og som er gjennomført i norsk rett gjennom endringar i energilova med forskrifter.<sup>19</sup> Dette aktualiserer spørsmålet i kapittel 5 om korleis nettreguleringar i energilova vil påverke utbygging av nettinfrastruktur utover verkeområdet til energilova og eventuelt EØS-avtala.

Som følge av det aukande behovet for fornybar kraft, må lovgjevar leggje til rette for effektive og føreseielege prosessar. Europakommisjonen råda i mai 2022 i *Guidance to Member States on good practices to speed up permit-granting procedures for renewable energy projects* at medlemsstatar utpeiker eitt kontaktpunkt ("one-stop-shop") for handsaminga av alle konsesjonsprosessar knytt til både etablering og drift av fornybar energianlegg, i tråd med andre fornybardirektiv og den reviderte infrastrukturforordninga.<sup>20</sup>

---

<sup>17</sup> Jf. havenl. § 3-2 og enl. § 3-1.

<sup>18</sup> Kaasen (2019) s. 394.

<sup>19</sup> Sjø Prop. 5 L (2017–2018), Lov av 25 mai 2018 nr. 21 om endringer i energiloven og Prop. 199 LS (2020-2021).

<sup>20</sup> SWD/2022/0149 final; Infrastrukturforordning 2022/869 artikkel 8; Fornybardirektiv 2018/2001/EU artikkel 16 og 17.

Danmark har nytta seg av eit one-stop-shop-prinsipp som har bidrege til landets suksessfulle utvikling av havvind.<sup>21</sup> Den danske energistyrelsen handterer alle konsesjonssøknadar for havvindprosjekt under *Lov om fremme af vedvarende energi*, som regulerer konstruksjon og drift av all fornybar energiproduksjon, både på land, i territorialfarvatnet og i den eksklusive økonomiske sone.<sup>22</sup>

Noreg har verken implementert infrastrukturforordninga for energi eller det andre fornybardirektivet i EØS-avtala, likevel er *one-stop-shop-prinsippet* relevant for spørsmålet om effektivisering av konsesjonsprosessen. Infrastrukturforordninga krev at meldingsfasen og konsesjonshandsaminga samla sett ikkje tek meir enn 42 månadar.<sup>23</sup> Til samanlikning har energiminister Aasland uttalt i 2022 at sakshandsamingstida for havvind etter ordinære konsesjonsprosessar ville teke 8-9 år.<sup>24</sup> I april 2023 la regjeringa fram ein nasjonal handlingsplan for raskare nettutbygging og betre utnytting av nettet, men denne kommenterer ikkje infrastrukturnettet til havs.<sup>25</sup>

Skilje ved grunnlinja skapar ei fragmentert regulering som kan medverke til tidkrevjande konsesjonsprosessar. I tillegg skapar manglande nettregulering utanfor grunnlinja ein lite føreseieleg rettsstilstand for havvindaktørar. Oppgåva skal undersøkje om energilova sine etablerte reglar for konsesjon og drift av nettanlegg kan utvidast utover grunnlinja for å effektivisere konsesjonsprosessen og sikre rettsvisse til havs. I kapittel 6 skal det gjerast ei samla vurdering av moglegheita for ei utviding, og eventuelle konsekvensar.

### 1.3 Rettskjeldebilete

Olje- og energidepartementet (OED) har forvaltningsansvar under energilova og havenergilova.<sup>26</sup> Store delar av forvaltningsansvaret etter energilova er delegert Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).<sup>27</sup> Havenergilova trådde i kraft i 2010 og blir utdjupa av havenergilovforskrifta, som trådde i kraft i 2021.<sup>28</sup> Det blei ikkje satt ned eit utval ved

---

<sup>21</sup> Danish Energy Agency (2020).

<sup>22</sup> Lov om fremme af vedvarende energi § 3.

<sup>23</sup> Forordning 2022/869 artikkel 10 (2).

<sup>24</sup> Hovland (2022).

<sup>25</sup> Olje- og energidepartementet – handlingsplan (2023).

<sup>26</sup> Kaasen (2019) s. 383.

<sup>27</sup> Sjø Forskrift 31. oktober 2019 nr. 1455 om delegering av myndighet etter energiloven til Norges vassdrags- og energidirektorat (Deleg. av myndighet etter energiloven til NVE).

<sup>28</sup> Forskrift 12. juni 2021 nr. 1192 til havenergilova (havenergilovforskrifta).

lovarbeidet, slik at odelstingsproposisjonen er den sentrale rettskjelda for tolking av havenergilova.<sup>29</sup>

Havenergilova er nokså ny og har knapt blitt nytta. Reglane om utlysing og tildeling i havenergilova kapittel 2 gjer seg for første gong gjeldande ved utlysing av Utsira Nord og første fase av Sørlege Nordsjø II. Rett til fornybar kraftproduksjon på Sørlege Nordsjø II skal tildelast éin aktør gjennom prekvalifiseringsrunde etterfølgt av auksjon, medan på Utsira Nord skal tre aktørar tildelast rettar gjennom konkurranse basert på kvalitative kriteria.<sup>30</sup>

Praksis knytt til konsesjonshandsaming etter havenergilova er avgrensa. Det føreligg konsesjonspraksis for testanlegg som har fått unntak frå reglane om opning av areal etter havenl. § 2-2.<sup>31</sup> I tillegg blir havenergilova aktualisert ved konsesjonsspørsmål for sjøkablar for elektrifisering av petroleumsanlegg.<sup>32</sup> Det finst òg konsesjonspraksis for utbygging av havvind etter energilova, hovudsakleg før havenergilova trådde i kraft.<sup>33</sup> Oppgåva skal vurdere denne praksisen for å forstå korleis konsesjonsprosessen etter havenl. § 3-2 vil bli.

Havenergilova er ei fullmaktslov som gjev OED vide heimlar til å forme rettsreglane etter teknologisk utvikling og politiske prioriteringar, gjennom detaljregulering i forskrift og ved det einskilde høve.<sup>34</sup> Signal i stortingsmeldingar, stortingskomitear, høyringsnotat og andre politiske utsegn er av interesse for problemstillingane som blir behandla i oppgåva. Utsegna har avgrensa betyding for korleis lovtekst skal bli forstått, med gjev rettslege signal for korleis regjeringa og forvaltninga brukar skjønnet.<sup>35</sup> Politiske dokument er difor sentrale i vurderinga av korleis regelverket vil bli praktisert. Mitt standpunkt er at signal frå Regjeringa i relasjon til havenergilova har ein viss juridisk betyding, særleg ettersom havenergilova gjev Olje- og energidepartementet stort skjønn.

Energilova regulerer blant anna krav til utbygging og drift av vindkraftverk på land og er sentral for tolkinga av havenergilova. I motsetnad til havenergilova, er energilova veletablert med forskrifter og rettleiarar. Regelverket for nettanlegg til havs er under utvikling og

---

<sup>29</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009).

<sup>30</sup> Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II (2023); Olje og energidepartementet – Utsira Nord (2023); Sjø havenl. § 2-3.

<sup>31</sup> Sjø MET Karmøy – vedtak (2021).

<sup>32</sup> Sjø Equinor – anleggskonsesjon (2021).

<sup>33</sup> Sjø Havsul I – vedtak (2008).

<sup>34</sup> Eksempel havenl. §§ 1-2, 2-2 og §§ 3-1 og 3-2; Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 6 – 8.

<sup>35</sup> Sjø Boe (2021) s. 223 – 225.



oppgåva vil difor ikkje gjere ei teknisk analyse av lovtekst. Derimot er føremålet med oppgåva å identifisere gjeldande rett og påpeike sentrale reguleringsbehov til havs gjennom å bruke energilova sine allereie etablerte heimla.

Sentralt for problemstillinga vil vere betydinga av EØS-retten, som i stadig større grad pregar norsk energilovgivning, og då særleg energimarknadsreglar.<sup>36</sup> Det er uvisse knytt til om EØS-avtala gjeld for heile verkeområdet til havenergilova.<sup>37</sup> Dersom EØS-avtala gjeld utover kontinentalsokkelen og den økonomiske sone, er den norske stat bunden av EØS-rettslege krav som blir stilt til blant anna konsekvensutgreiing og nettregulering av havvindanlegg i desse områda. EU-direktiv sin betyding for utbygging av havvind i Noreg blir nærare vurdert i kapittel 4 og elles der det er aktuelt undervegs.

---

<sup>36</sup> Kaasen (2019) s. 391.

<sup>37</sup> Sjå kapittel 4.2.

## 2 Sentrale reguleringar i havenergilova og energilova

Kapittelet skal undersøkje om havenergilova og energilova regulerer dei same aktivitetane, nærare bestemt nettverksemd, samt om nettreguleringa etter lovene overlappar. Det skal òg undersøkjast om det føreligg overordna omsyn som må gjevast ulik vekt etter lovene.

### 2.1 Materielt verkeområde

Havenergilova § 1-2 første ledd angjev det funksjonelle verkeområdet til lova, som er "fornybar energiproduksjon og omforming og overføring av elektrisk energi til havs". Havenl. § 1-4 første ledd legaldefinerer "fornybar energiproduksjon" som "produksjon av elektrisk energi ved utnytting av fornybare energiresursar, til dømes vind, bølger og tidvatn". Lova avgrensar mot ikkje-fornybare energiresursar som olje- og gass.

Ordlyden "omforming" gjeld transformering av spenningsnivå i straumnett. Ordlyden "overføring" siktar til transport av straum gjennom nettanlegg. Havenl. § 1-4 tredje ledd definerer nettanlegg som "elektrisk utrustning og tilhøyrande bygningstekniske konstruksjonar for omforming og overføring av elektrisk energi". Omgrepa er òg nytta i energilova § 1-2 som må gjevast same meining.

Ordlyden "og" i havenl. § 1-2 første ledd skil "omforming og overføring" frå "fornybar energiproduksjon". Det er ikkje eit krav om at overføring og omforming av energi til havs må gjelde fornybar energi.<sup>38</sup> Eksempelvis omfattar havenergilova forsyning av anlegg eller installasjonar utanfor grunnlinja med elektrisk energi frå land.

Det føl av havenl. § 1-3 at retten til å "utnytte fornybare energiresursar til havs tilhøyrar staten". Det er ikkje tale om eigedomsrett, men rett til å bruke energiresursane på området. Det må gjevast konsesjon dersom andre enn staten skal utøve slik aktivitet, jf. havenl. §§ 3-1 og 3-2. Utover statsterritoriet der staten har full suverenitet, har kyststatane etter

---

<sup>38</sup> Sml. havenl. § 1-4 andre og tredje ledd.

havrettskonvensjonen ein suveren rett til å regulere energiproduksjon i eksklusiv økonomisk sone og på kontinentalsokkelen.<sup>39</sup>

Energilova gjeld "produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi", jf. enl. § 1-1 første ledd. "[E]nergi" skal etter førearbeida bli forstått som elektrisk energi og varmeenergi produsert i fjernvarme- og fjernkjøleanlegg, som omfattar all leidningsført og røyrbunde energi med unntak av petroleum.<sup>40</sup> Energilova avgrensar ikkje til produksjon av fornybar energi.

Ordlyden "omsetning" knytt seg til sal av energi på kraftmarknaden. Ordlyden "bruk av energi" gjeld plikter og rettar for sluttbrukaren, slik som instruksar frå systemansvarleg, rasjonering og leveringskvalitet.<sup>41</sup> Reglar for omsetnad og bruk er grunngeve i behovet for å kontrollerer marknadsaktivitetar og konkurranse. Ordlyden "fordeling" siktar til distribusjon av elektrisitet fram til sluttbrukaren. Fordeling relaterer seg til nettverksemda og som naturlege monopol er fordelings- og overføringsnettene nødvendige å kontrollere.<sup>42</sup>

Til forskjell frå energilova, nemner ikkje havenergilova "fordeling", "omsetning" eller "bruk". Verkeområdet til energilova verkar dermed vidare enn havenergilova. Utelatinga av ordlyden "omsetning" tyder på at lovgjevar har lagt til grunn at havvindaktørar må få marknadsadgang etter energilova. Vidare synes moglegheita for uttakskundar som petroleumsplattformer utanfor grunnlinja, oversett som følgje av utelatinga av ordlydane "bruk" og "fordeling". Sjølv om "overføring" er omfatta av havenergilova sitt verkeområde, tilseier utelatingane at ikkje all type nettverksemd er meint å regulast av havenergilova.<sup>43</sup>

"[E]nergianlegg" omfattar både produksjonsanlegg og nettanlegg, jf. havenl. § 1-4 fjerde ledd. Det inkluderer utrustning og tilhøyrande byggtekniske konstruksjonar for høvesvis utnytting av fornybare energiressursar til *produksjon* av elektrisk energi (produksjonsanlegg) og *omforming* og *overføring* av elektrisk energi (nettanlegg).<sup>44</sup> Førearbeida presiserer at "produksjonsanlegg" omfattar festeordningar og anlegg for transport av utstyr og personell, i

---

<sup>39</sup> Norsk territorium er alt norsk landområde, indre farvatn og sjøterritoriet, samt luftområda over desse, sjå territorialfarvanslova § 2; Sjøhavrettskonvensjonen artikkel 56 og 77, sml. havenl. § 1-2 tredje ledd.

<sup>40</sup> Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) s. 83.

<sup>41</sup> Ot.prp. nr. 24 (2008-2009) s. 16.

<sup>42</sup> Sjø Ot.prp. nr. 24 (2008-2009) s. 29.

<sup>43</sup> Sjø RME (2022) s. 53.

<sup>44</sup> Jf. havenl. § 1-4 andre og tredje ledd.

tillegg til vindkraftverket sitt interne leidningsnett.<sup>45</sup> "Nettanlegg" omfattar alle typar kablar, transformatoranlegg, likerettaranlegg og andre elektriske anlegg mv. og er avgrensa mot nettanlegg som utgjer ein naturleg og integrert del av produksjonsanlegget.<sup>46</sup> I energilova er "elektrisk anlegg" tilsvarande definert som "energianlegg", men omfattar i tillegg *fordeling* av energi.<sup>47</sup>

## 2.2 Geografisk verkeområde

Energilova gjeld ikkje "på norsk sjøterritorium", jf. enl. § 1-1. Norsk sjøterritorium er havområdet frå grunnlinjene og 12 nautiske mil utover, jf. territorialfarvannsloven § 2 første ledd. Ei antitetisk tolking tilseier at lova gjeld på norsk landterritorium og indre farvatn fram til grunnlinjene. Føresegna må bli forstått slik at lova ikkje gjeld på kontinentalsokkelen utanfor grunnlinja.<sup>48</sup>

Havenergilova gjeld på "norsk sjøterritorium utanfor grunnlinjene og på kontinentalsokkelen", jf. havenl. § 1-2 andre ledd. Havenergilova omfattar fornybar energiproduksjon, og omforming og overføring av elektrisk energi frå grunnlinjene og utover kontinentalsokkelen. Grunnlinjene er fastsett i forskrift eller føl lågvasslinja langs kysten, jf. territorialfarvannsloven § 1 tredje ledd. Ettersom energilova regulerer energiproduksjon og nettanlegg i indre farvatn og på land, dannar grunnlinjene eit skilje mellom havenergilova og energilova sine verkeområde.

Det føl av energilova § 1-1 tredje ledd at departementet gjennom forskrift eller einskilde høve kan "begrense anvendelsen av enkelte bestemmelser i denne lov hva gjelder innretninger, formål eller virksomheter omfattet av havenergilova". Føresegna skal hindre dobbeltregulering og kom inn som ei endring som følgje av vedtakinga av havenergilova § 1-2 sjuande ledd.<sup>49</sup>

Havenl. § 1-2 sjuande ledd slår fast at kongen i forskrift eller ved einskilde høve kan "utvide verkeområdet for einskilde føresegner i denne lova til indre farvatn". Etter førearbeida er

---

<sup>45</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 80.

<sup>46</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 80.

<sup>47</sup> Enl. § 1-3 første ledd.

<sup>48</sup> Juridisk teori har aldri sådd tvil om at energilova ikkje gjeld utanfor grunnlinjene og på kontinentalsokkelen. Sjå Naas Bibow (2011) s. 19; Andersen (1995) s. 9 – 10; Bjørnebye – lovkommentar (2021) til § 1-1 note 2.

<sup>49</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 88.

føremålet å opne for utnytting av energiresursar i sjø innanfor grunnlinja.<sup>50</sup> Dette er gjort i havenergilovforskrifta § 1 andre ledd, som gjer gjeldande havenergilova § 2-2 om opning av areal og kapittel 5–6 og 9–10 i sjøområde innanfor grunnlinjene. Havenergilova sine reglar om konsesjonar i kapittel 3 og sakshandsaming i kapittel 4, er ikkje omfatta av utvidinga. Nettanlegg innanfor grunnlinja skal dermed framleis handsamast etter energilova.

Havenl. § 1-2 sjette ledd opnar for at Kongen i forskrift eller einskilde høve kan "avgrense bruken av heile eller delar av denne lova når det gjeld innretningar, formål eller verksemder til havs omfatta av anna lov". OED er delegert mynde til å avgrense lova.<sup>51</sup> Slik avgrensing er nytta for utanlandskablar med konsesjon etter energilova § 4-1.<sup>52</sup> Energilova har derimot ingen føresegn som opnar for utviding av lova sitt verkeområde. Konsesjonskravet for utanlandskablar etter enl. § 4-2 medfører jamvel at undersjøiske kablar til installasjonar på kontinentalsokkelen og sjøterritoriet ikkje går heilt klar av energilova.<sup>53</sup>

## 2.3 Føremål

Føremålsføresegna i havenergilova og energilova gjev overordna vurderingar som skal vektleggjast i sakshandsaminga. Føremåla er eit viktig tolkingsmoment i vurderinga av kva vilkår forvaltninga kan setje til konsesjonsvedtaka i tråd med den ulovfesta vilkårlæra. Forvaltninga kan ikkje setje vilkår utan ei sakleg tilknytning til heimelsgrunnlaget. Dette underkapittelet skal gjere greie for føremålsføresegna for å kaste lys over skjønnsvurderingane som blir gjort innanfor rammene av dei to lovene, og undersøkje om det føreligg overordna betraktningar som har større vekt etter ei av lovene.

Føremålet med havenergilova er å "leggje til rette for utnytting av fornybare energiresursar til havs i samsvar med samfunnsmessige målsetjingar, og for at energianlegg blir planlagde, bygde og disponerte slik at omsynet til energiforsyning, miljø, tryggleik, næringsverksemd og andre interesser blir tekne vare på".<sup>54</sup> Generelt skal lova leggje til rette for auka fornybar energiproduksjon. Store kostnadar er peika på som den største utfordringa for

---

<sup>50</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 79.

<sup>51</sup> Forskrift 28. februar 2020 nr. 198 om delegering av Kongens myndighet etter havenergilova til Olje- og energidepartementet.

<sup>52</sup> Sjø havenergilovforskrifta § 1 tredje ledd.

<sup>53</sup> Naas-Bibow (2011) s. 19.

<sup>54</sup> Jf. havenl. § 1-1.

havvindutbygging, og førearbeida viser til at det er naudsynt med forskning og teknologiutvikling for redusere kostnadane.<sup>55</sup>

Førearbeida slår fast at samfunnsmessige målsetjingar som er styrande "må definerast gjennom overordna politiske prioriteringar".<sup>56</sup> Utsegna gjev uttrykk for at reguleringa av havvind på føremålsnivå ligg i eit skjeringspunkt mellom juss og politikk. Styresmaktene sine politiske synspunkt vil i stor grad vere styrande innanfor rammene av lova. Det vide skjønnet og risikoen for endra politiske prioriteringar, gjev dårlegare rettsvisse samanlikna med tilfelle der skjønnsrommet er mindre og reglane klare. Samstundes er det nødvendig med tilstrekkeleg fleksibilitet i regelverket for å kunne tilpasse etter teknologiske utviklingar og samfunnsmessige behov.

Havenergilova nemner "energiforsyning" som eit viktig moment som må bli teke omsyn til. Ordlyden "energiforsyning" famnar vidt og gjeld produksjon av energi med føremål å transportere denne til kraftsystemet på land og vidare til forbrukarane. Det tilseier at kostnadar for utbygging og drift av nettanlegg, òg er relevant i eit føremålsperspektiv. Spørsmål knytt til energiforsyning frå havvindparkar, under dette nettilknytning og mellomlandforbindingar, langsiktig organisering og drift av nett, står framleis usvart. Dette skapar lite rettsvisse for aktørar som skal delta i konkurranse om utlyste område.

Energilova § 1-2 slår fast at lova skal sikre at "produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi foregår på en samfunnsmessig rasjonell måte". Hovudmålsetjinga er å ivareta omsynet til riktig ressursbruk ved produksjon og fordeling av energi.<sup>57</sup> Ein "samfunnsmessig rasjonell måte" skal etter førearbeida bli forstått som "samfunnsøkonomisk riktig tilpassing".<sup>58</sup> Det inneber effektivisering av energisektoren gjennom marknadsorientert utbygging, sal og prissetting.<sup>59</sup>

Kva som er samfunnsmessig rasjonelt må vurderast i lys av "allmenne og private interesser som blir berørt", jf. enl. § 1-1. "Allmenne interesser" famnar vidt og omfattar blant anna omsynet til miljø, næringsliv og lokalsamfunn, samt sikker kraftforsyning.<sup>60</sup> Kva som til ei

---

<sup>55</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 20 – 21.

<sup>56</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 79.

<sup>57</sup> Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) s. 15 og s. 83.

<sup>58</sup> Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) s. 83.

<sup>59</sup> Naas-Bibow (2011) s. 22 – 23; Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) s. 6, 40, og 89.

<sup>60</sup> Ot.prp. nr. 43 (1989-90) side 6 og 90; Bjørnebye – lovkommentar (2021) til § 1-2 note 2.

kvar tid er samfunnsmessig rasjonelt vil variere.<sup>61</sup> I likskap med havenergilova, har energilova ei dynamisk overordna målsetjing.

Føremåla til havenergilova og energilova overlappar i stor grad. Både lover skal ivareta viktige samfunnsinteresser som kraftforsyning og miljø, samstundes som dette må vegast opp mot økonomiske forhold som kostnadar til nettanlegg, drift, ettersyn og vedlikehald, samt kraftprisar og kraftetterspurnad der krafta skal brukast.<sup>62</sup> Ettersom fleire sentrale avklaringar knytt til reguleringa av energinettet står att, er grunnlaget for konsesjonsvurderinga etter havenergilova tynnare, samanlikna med konsesjonsvurderinga etter energilova.<sup>63</sup>

Havenergilova § 1-1 nemner eksplisitt utnytting av fornybare energiresursar som eit overordna føremål. I tillegg er teknologiutvikling svært viktig for å leggje grunnlaget for framtidig storskala norsk vindkraftproduksjon.<sup>64</sup> Dette tyder på at omsyna til utvikling, klima og miljø får større vekt etter havenergilova, samanlikna med energilova. At omsynet til klima og miljø i større grad er løfta fram etter havenergilova, gjeld jamvel berre på eit overordna samfunnsnivå. Vindparkar på land møter mykje større motstand enn havvindparkar, generelt fordi plasseringa av vindparkar i friluftsområde er nær befolkninga, til forskjell frå ute av syne til havs. Omsynet til lokalmiljø er difor sentralt etter energilova.

---

<sup>61</sup> Sjø merknadar til same ordlyd i enl. § 3-4a i Ot.prp. nr. 62 (2008-2009) side 10.

<sup>62</sup> Sjø Meld. St. 36 (2020-2021) s. 85 som viser til desse momenta i relasjon til havvind. Momenta var sentrale i Siragrunnen – (2015) om konsesjonssøknad etter energilova.

<sup>63</sup> Sjø kapittel 5.

<sup>64</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 30.

# 3 Konesesjonsprosessen for nettanlegg

## 3.1 Innleiing

Den innleiande planleggingsfasen av energianlegg er regulert i havenergilova kapittel 2, og den etterfølgjande konesesjonsprosessen i kapittel 3. Havenergilovforskrifta utfyller kapittel 4 om sakshandsaming. Planleggingsfasen omfattar opning av areal, utlysing og konkurranse, og er nødvendige krav før det kan søkast om konesesjon til produksjonsanlegg etter havenl. § 3-1.<sup>65</sup> Plankrava gjeld ikkje ved søknad om konesesjon for tilhøyrande nettanlegg etter havenl. § 3-2. Dette grunnar blant anna i at nettanlegg er mindre arealkrevjande enn produksjonsanlegg.<sup>66</sup> Nettinfrastruktur og tilknytingspunkt på land er uansett sentrale interesser som blir vektlagd i planprosessen før opning av areal.<sup>67</sup>

For å gi eit oversiktleg bilete av etableringsprosessen av eit energianlegg til havs skal dette kapittelet kort omtale reglane i havenergilova kapittel 2, før konesesjonsprosessane for nettanlegg etter havenergilova § 3-2 og energilova § 3-1 skal omtalast.<sup>68</sup> I punkt 3.4 skal eg ta for meg eit utval konesesjonar som er gitt for utbygging av nettanlegg i sjøområde. Føremålet er å undersøkje om prosesskrava etter dei to lovene er tilsvarande, slik at det kan vere hensiktsmessig å regulere konesesjonsprosessen samla.

## 3.2 Konesesjonsprosessen etter havenergilova

### 3.2.1 Opning og utlysing areal

Det kan berre gjevast konesesjon til havvindparkar i område som er opna av Kongen i statsråd etter havenl. § 2-2 første ledd. Ei strategisk konsekvensutgreiing må utførast før eit område kan sendast på høyring og opnast, jf. havenergilova § 2-2 andre ledd, samt §§ 4-1 og 4-2.

---

<sup>65</sup> Jf. § 2-2 som berre viser til havenl. § 3-1.

<sup>66</sup> Jf. Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 70.

<sup>67</sup> Jf. Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 80.

<sup>68</sup> For detaljert skildring av plandelen, sjå Mauren (2021) s. 620 flg.



OED kan gje unntak for reglane om opning av areal i "særskilte tilfelle", jf. havenl. § 2-2 fjerde ledd. Unntaket er snevert og har berre blitt nytta for testanlegg.<sup>69</sup>

Som hovudregel skal opna areal lysast ut og tildelast gjennom konkurranse etter havenl. § 2-3 første ledd. Etter § 2-3 tredje ledd kan det krevjast at aktørar først må prekvalifiserast etter objektive og ikkje-diskriminerande vilkår.<sup>70</sup> Tildeling av areal skjer enten gjennom auksjonar, gjennom konkurranse basert på objektive og ikkje-diskriminerande vilkår, eller ein kombinasjon, jf. § 2-3 andre ledd. Det kan "i særlige tilfeller" gjerast unntak for kravet om utlysing og konkurranse, jf. § 2-3 første ledd andre punktum. Unntaket vil aktualiserast i tilfelle det har vore manglande interesse for eit område som har vore opna ei stund.<sup>71</sup> I tillegg synes unntaket aktuelt for elektrifisering av petroleumsplattformer ettersom dette var eit argument for lovforslaget.<sup>72</sup>

### 3.2.2 Søknadsprosessen

Dei prosessuelle konsesjonskrava for produksjonsanlegg og nettanlegg etter havenergilova er like og blir difor behandla samla i det følgjande. Havenergilova §§ 3-1 og 3-2 slår fast at nettanlegg ikkje kan "byggjast, eigast eller drivast utan etter konsesjon frå departementet". Ombygging og utviding av eksisterande anlegg krev også konsesjon. Departementet har vedteke nærare krav i havenergilovforskrifta og har kompetanse til å gje konsesjon dersom krava er oppfylt.<sup>73</sup>

Aktørar som er tildelt einerett til eit prosjektområde gjennom konkurranse gjennomført etter havenl. § 2-3, må sende melding til departementet med forslag til prosjektspesifikk utgreiingsprogram før det kan søkjast om konsesjon, jf. havenl. §§ 4-1 og 3-5 og havenergilovforskrifta §§ 2d andre og tredje ledd, 3 og 4.<sup>74</sup> Føresegna gjev departementet skjønn til å fastsetje kva som skal utgreiast. Etter at utgreiingsprogrammet har vore på høyring og er fastsett, skal søkar innan to år sende inn konsesjonssøknad med tilhøyrande prosjektspesifikk konsekvensutgreiing, jf. havenergilovforskrifta § 7.

---

<sup>69</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 80; Sjø MET Karmøy – anleggskonsesjon demonstrasjonsanlegg (2022).

<sup>70</sup> Sjø havenergilovforskrifta § 2c.

<sup>71</sup> Prop. 143 L (2021-2022) s. 18.

<sup>72</sup> Sjø Innst. 81 L (2022-2023).

<sup>73</sup> Sjø havenl. § 3-3 om konsesjonssøknad og detaljplan, § 3-4 om vilkår og § 4-1 tredje ledd om konsekvensutgreiingar.

<sup>74</sup> Mauren (2021) s. 623.

Det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing tilpassa omfanget av energianlegget.<sup>75</sup> Førearbeida til havenergilova uttalar at lova skal møte krava i direktiv 2011/92/EU, endra ved direktiv 2014/52/EU (tiltaksdirektivet) og direktiv 2001/42/EF (plandirektivet) som er innlemma i EØS-avtala.<sup>76</sup> Plandirektivet og tiltaksdirektivet er gjennomført i konsekvensutgreiingsforskrifta.<sup>77</sup> Konsekvensutgreiingsforskrifta nemner jamvel berre tiltak etter energilova og ikkje havenergilova.<sup>78</sup> Difor har det til no vore usikkert om havenergilova formelt gjennomfører tiltaksdirektivet og plandirektivet.<sup>79</sup> OED sine uttalar i høyringsnotatet til endringar i plan og bygningslova frå 2023 legg jamvel til grunn at direktiva er gjennomført i havenergiregelverket.<sup>80</sup>

Departementet kan setje vilkår til konsesjonsvedtaket om oppstart, konstruksjon, design, drift, vedlikehald, sikkerheit, tilrettelegging for tilknytning, nedlegging, og å hindre miljøskade, jf. havenergilovforskrifta § 8.<sup>81</sup> Konsesjon blir gjeve for 30 år med moglegheit for forlenging, jf. havenl. § 3-5 andre ledd og havenergilovforskrifta § 8.

Før byggjearbeid må detaljplan godkjennast av departementet, jf. havenl. §§ 3-1 andre ledd og 3-2 andre ledd. Kompetanse til å treffe vedtak om godkjenning av detaljplan er i første instans delegert til NVE, jf. havenergilovforskrifta § 10. I "særlige tilfelle" kan krav om detaljplan fråfallas, jf. havenl. § 3-1 andre ledd siste punktum og § 3-2 andre ledd. Etter førearbeida vil unntak frå detaljplan vere aktuelt dersom alle relevante forhold er vurdert i konsesjonsvedtaket, og det ikkje er uavklarte forhold igjen for detaljplanen.<sup>82</sup> Regjeringa vurderer å slå saman konsesjonssøknad og søknad om godkjenning av detaljplan for å effektivisere konsesjonsprosessen.<sup>83</sup> Når detaljplan er godkjent skal havenergianlegget setjast i drift innan tre år, jf. havenergilovforskrifta § 10.

---

<sup>75</sup> Jf. havenergilova § 3-2 tredje ledd, jf. § 4-1 tredje ledd, jf. havenergilovforskrifta § 6.

<sup>76</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 69; Sjø kgl.res. av 12. juli 2020 (a) s. 11 – 13.

<sup>77</sup> Forskrift 21. juni 2017 nr. 854 om konsekvensutredninger (konsekvensutgreiingsforskrifta).

<sup>78</sup> Sjø konsekvensutgreiingsforskrifta § 7a. og vedlegg I nr. 20 og 28.

<sup>79</sup> Sjø Schütz (2014) s. 119 – 122.

<sup>80</sup> Olje- og energidepartementet – høyringsnotat (2023) s. 29.

<sup>81</sup> Høisveen (2022) s. 228.

<sup>82</sup> Jf. Ot.prp. nr.107 (2008-2009) s. 81.

<sup>83</sup> Sjø Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II vedlegg 3 (2023); Olje og energidepartementet – Utsira Nord vedlegg 3 (2023).

### 3.3 Konsesjonsprosessen etter energilova

Det følj av enl. § 3-1 at anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av kraft ikkje kan byggjast, eigast eller drivast utan konsesjon. Det same gjeld ombygging og utviding av slike anlegg. Det er ikkje krav om konsesjon for enkelte anlegg med lågt spenningsnivå og for mindre vindkraftanlegg.<sup>84</sup>

For vindkraftanlegg som skal plasserast i sjø, er det som nemnt krav om at området blir opna av kongen i statsråd før det kan gjevast anleggskonsesjon, jf. havenenergilovforskrifta § 1-2 sjuande ledd, som gjev havenl. § 2-2 utvida verkeområde. Havenenergilova sine reglar om arealopning overlappar med plan- og bygningslova sine krav til arealforvaltning, ettersom plan- og bygningslova gjeld i sjøområda fram til éi nautisk mil utanfor grunnlinjene.<sup>85</sup> Ettersom nettanlegg er haldt utanfor planreglane i plan- og bygningslova, avgrensar oppgåva mot ei drøfting av forholdet mellom plan- og bygningslova og havenenergilova.<sup>86</sup>

Energilova regulerer konsesjonsprosessen for produksjonsanlegg og nettanlegg innanfor grunnlinja. For å etablere eit elektrisk anlegg krev energilova § 3-1 anleggskonsesjon, som NVE er delegert mynde til å handsame.<sup>87</sup> OED er klageinstans for vedtak som blir fatta av NVE og behandlar NVE sine innstillingar i saker som skal avgjerast av Kongen i statsråd.<sup>88</sup> Etter fast og langvarig praksis skjer vurderinga av om det skal gjevast konsesjon på grunnlag av dei overordna føremåla i enl. § 1-2.<sup>89</sup>

Ei konsekvensutgreiing må leggjast ved konsesjonssøknaden for nettanlegget etter reglane i plan- og bygningslova kapittel 14, jf. enl. § 2-1 tredje ledd. Plan- og bygningslova § 14-1 krev konsekvensutgreiing av tiltak etter anna lovverk som ikkje fell inn under plan- og bygningslova, og som kan få "vesentlege virkningar for miljø og samfunn".

Konsekvensutgreiingsforskrifta supplerer plan- og bygningslova, og skal fylle minstekrava til utgreiing og vurderingar i sektorlover som er "nødvendig for den beslutningen som konsekvensutredningen skal ligge til grunn for".<sup>90</sup> I vurderinga av kva som er "nødvendig" å utgreie, skal NVE ta omsyn til at konsekvensutgreiinga skal vurdere dei samla verknadane av

---

<sup>84</sup> Enl. § 3-1 andre ledd, jf. energilovforskrifta § 3-1.

<sup>85</sup> Jf. pbl. § 1-2 andre ledd.

<sup>86</sup> Jf. pbl. § 1-3 siste ledd.

<sup>87</sup> Deleg. av myndighet etter energiloven til NVE.

<sup>88</sup> NOU 2022: 6 s. 137.

<sup>89</sup> Bjørnebye – lovkommentar (2021) til § 3-1 note 1.

<sup>90</sup> Jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 3 første ledd.

tiltaket.<sup>91</sup> Ei vurdering av dei samla verknadane for heile kabeltraseen kan tilseie at forskrifta i realiteten får ein eksterritorial verknad.

Havenergilovforskrifta § 6 andre ledd opnar for ei felles konsekvensutgreiing for energiprojekt som også skal konsekvensutgreiast etter energilova. Føresegna må bli forstått slik at den same konsekvensutgreiinga kan leggjast ved både konsesjonssøknaden for nettanlegg etter energilova, og etter havenergilova.<sup>92</sup> Konsesjonssøkar må følgje krava til konsekvensutgreiing i havenergilovforskrifta og i konsekvensutgreiingsforskrifta, i tillegg til rettleiarane til både havenergilova og energilova.<sup>93</sup>

Prosesskrava for konsesjonshandsaminga varierer med storleiken på leidninga og forventa verknadar. Tiltak som krev anleggskonsesjon krev alltid konsekvensutgreiing.<sup>94</sup> Nettanlegg over 132 kV og ei lengde på over 15 km, krev melding med forslag til utgreiingsprogram og påfølgjande høyring.<sup>95</sup> Regjeringa har i sin handlingsplan for raskare nettutbygging varsla at meldingsplikta for kraftleidningar over 132 kV vil hevast frå 15 til 50 km.<sup>96</sup>

Mindre tiltak krev ikkje melding som følgje av effektivitetsomsyn, då ein slepp høyring og saksmengda blir redusert.<sup>97</sup> I tillegg aukar omfanget av naturinngrep, kostnadar og usikkerheit knytt til teknologi og forsyningssikkerheit ved høgare spenningsnivå.<sup>98</sup> Forutan styresmaktene sitt behov for kontroll, blir det ikkje nemnt kvifor det til forskjell alltid krevst melding etter havenergilova.<sup>99</sup> Det kan tenkjast at ein sentral grunn bak meldingskravet etter havenergilova er at kabling er meir komplekst på havbotnen, samt at havvindanlegg med tilhøyrande infrastruktur er ei ny verksemd i Noreg og det er nødvendig å byggje opp erfaringar og kompetanse. Uansett er betydinga av skilnaden mellom meldingskravet etter havenergilova og energilova avgrensa ettersom kapasiteten på kablar frå havvindparker vil vere langt over 132 kV.<sup>100</sup>

---

<sup>91</sup> Schütz (2021) Karnov lovkommentar til § 14-1 note 1.

<sup>92</sup> Sjø Kgl. res. av 12. juni 2020 (a) s. 18 – 20 kor departementet vurderer at nettanlegg frå havvindparker med konsesjon etter havenergilova, også må ha konsesjon etter energilova.

<sup>93</sup> Sjø Olje- og energidepartementet (2021) utkastet s. 11 og NVE (2020).

<sup>94</sup> Sjø konsekvensutgreiingsforskrifta § 7a jf. vedlegg II 3 b2) og i).

<sup>95</sup> Jf. pbl. § 14-2(2) og konsekvensutgreiingsforskrifta § 6(1)(c) og §§ 15 og 16.

<sup>96</sup> Olje- og energidepartementet – handlingsplan (2023) s. 12.

<sup>97</sup> Olje- og energidepartementet – handlingsplan (2023) s. 12.

<sup>98</sup> NOU 2022: 6 s. 135 – 137.

<sup>99</sup> Kgl. res. av 12. juni 2020 (a) s. 2.

<sup>100</sup> Sjø Statnett (2023) s. 5.

Konsesjonssøknaden må på høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn, jf. enl. § 2-1 femte ledd. Det kan setjast vilkår om oppstart, konstruksjon, design, drift, vedlikehald og nedlegging, jf. enl. § 3-5 og energilovforskrifta § 3-4.<sup>101</sup> Konsesjon blir gjeve for 30 år om gongen, jf. enl. § 2-2 andre ledd. For større kraftleidningar og transformatorstasjonar er vanleg praksis at NVE set vilkår om at det skal utarbeidast ein detaljplan (tidlegare kalla MTA-plan), som avklarar midlertidig arealbruk i anleggsperioden og anleggsgjennomføringa.<sup>102</sup>

Til forskjell havenergilova, er ikkje kravet om detaljplan lovregulert i energilova. Det er altså opp til NVE sitt skjøn å avgjere om det skal setjast vilkår om detaljplan for energianlegg innanfor grunnlinja. Dagens praksis er at dersom konsesjonssøknaden er så detaljert at ein detaljplan ikkje tilfører meir informasjon, blir det ikkje stilt vilkår om detaljplan for å unngå dobbeltregulering.<sup>103</sup> Det er varsla justeringar i prosessen for detaljplan i regjeringa sin nye handlingsplan for raskare nettutbygging. Justeringa inneber at NVE skal leggje til rette for at handsaminga av detaljplanen kan gjerast parallelt med konsesjonshandsaminga i tilfelle det er mogleg å detaljprosjektere tiltaka før konsesjonssøknaden blir sendt inn.<sup>104</sup> Dette vil vere aktuelt for mindre leidningsanlegg utan fleire alternative løysningar.

I realiteten framstår ikkje justeringa som ei betydeleg endring frå praksis som allereie er etablert og gjev tilsvarende moglegheit for å sleppe etterfølgande søknad om detaljplan når det føreligg tilstrekkeleg informasjon i konsesjonssøknaden. Praksis og justeringa i energilova samsvarar med unntaket i havenergilova og regjeringas forslag om å slå saman detaljplan og konsesjonssøknad.

## **3.4 Forvaltningspraksis**

### **3.4.1 Konsesjonar etter havenergilova**

Etter havenergilova trådde i kraft i 2010 er det ikkje søkt om konsesjon til vindkraftanlegg utanfor grunnlinjene som følgje av at område først må opnast og lysast ut.<sup>105</sup> Havenergilova er

---

<sup>101</sup> Deleg. av myndighet etter energiloven til NVE.

<sup>102</sup> NOU 2022: 6 s. 138.

<sup>103</sup> NOU 2022: 6 s. 176.

<sup>104</sup> Olje- og energidepartementet – handlingsplan (2023) s. 13.

<sup>105</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 41 – 43.

handsama i konsesjonssøknadar for testanlegg, der det er gjort unntak for reglane om opning.<sup>106</sup> I det følgjande skal eg presentere sentrale moment ved ein testanleggskonsesjon for havvind og ein konsesjon for kraftforbinding frå land til petroleumsplattformar, for å kaste lys over samspelet mellom havenergilova og energilova.

## **Offshore demonstrasjonsanlegg for flytande energiproduksjon utanfor Karmøy**

MET Karmøy fekk i 2021 utvida konsesjon av eksisterande demonstrasjonsanlegg for flytande vindturbinar frå 12,3 MW (inntil tre turbinar) til 85 MW (inntil sju turbinar) etter energilova § 3-1 og havenergilova §§ 3-1 og 3-2.<sup>107</sup> OED vedtok unntak frå opning av areal, men delegerte handsaminga av konsesjonssøknaden til NVE.<sup>108</sup>

I konsesjonsvedtaket for nettanlegget har NVE handsama havenergilova § 3-2 og energilova § 3-1 samla.<sup>109</sup> NVE gjev ei rekkje vilkår.<sup>110</sup> Det blir gjevne vilkår om at detaljplan skal utarbeidast i samsvar med NVE sin rettleiar for MTA-plan etter energilova. NVE gjev også tilleggsvilkår utover det som følj av rettleiaren. Utover eit vilkår om at tidspunktet for anleggsarbeid på sjøbotnen ikkje skal gjennomførast i gyteperiode, blir det ikkje gjevne andre vilkår knytt spesifikt til nedlegging av sjøkablar.

## **Kraft frå land til Oseberg-feltet og Troll B- og C plattformane**

OED innvilga i 2021 Equinor sin konsesjonssøknad om kraftkabel frå land til Troll-B og C-plattformane og Oseberg-feltet i Nordsjøen.<sup>111</sup> I søknaden gjer Equinor ei felles konsekvensutgreiing for kabeltraseen innanfor og utanfor grunnlinja.<sup>112</sup>

Sjølv om NVE har mynde til å fatte vedtak etter energilova innanfor grunnlinja, vart NVE i staden bede om å sende ei innstilling til OED som skulle fatte vedtaket etter både energilova og havenergilova.<sup>113</sup> NVE skal vurdere konsesjonsspørsmålet etter energilova for kabeltraseen innanfor grunnlinja, men gjer likevel ei vurdering av verknadane for natur og miljø av

---

<sup>106</sup> Sjå MET Karmøy – vedtak (2021).

<sup>107</sup> MET Karmøy – anleggskonsesjon nettilknytning (2022); MET Karmøy – anleggskonsesjon demonstrasjonsanlegg (2022).

<sup>108</sup> MET Karmøy – vedtak (2021).

<sup>109</sup> MET Karmøy – anleggskonsesjon nettilknytning (2022).

<sup>110</sup> MET Karmøy – anleggskonsesjon nettilknytning (2022) s. 4 – 5.

<sup>111</sup> Equinor – anleggskonsesjon (2021).

<sup>112</sup> Equinor – konsesjonssøknad (2019).

<sup>113</sup> Equinor – innstilling (2021).

kabeltraseane i sjø utanfor grunnlinja "[d]a de samlede virkningene er avgjørende for å kunne vurdere om [NVE] kan anbefale at det gis konsesjon til anleggene".<sup>114</sup>

OED gjer ei felles vurdering etter havenergilova og energilova. Konsesjonsvedtaket viser til lovene sine føremål og legg til grunn at "konsekvensene for naturmiljøet og elles for private og allmenne interesser er akseptable sett opp mot fordelene av tiltaket".<sup>115</sup> Det blir gjeve vilkår om MTA-plan i samsvar med NVE sin rettleiar etter energilova.<sup>116</sup> Til forskjell frå NVE sitt vedtak i MET Karmøy-saka, gjev OED tilleggskrav som er særleg tilpassa marine interesser som skipstrafikk, fiskeriinteresser, vern av korallrev og å unngå ulemper for fisk.<sup>117</sup>

### 3.4.2 Konsesjonar i sjøområde etter energilova

Før havenergilova trådde i kraft blei det søkt om fleire havvindkonsesjonar.

Konsesjonssøknadane blei gjennomgåande avslått som følge av at tiltaka var planlagt utanfor grunnlinja og verkeområdet til energilova.<sup>118</sup> Innanfor grunnlinja er det gjeve konsesjon for havvind etter energilova før havenergilovforskrifta og reglane om opning av areal trådde i kraft.<sup>119</sup> I det følgjande skal eg gjennomgå sentrale moment i denne konsesjonssaka.

#### Havsul I

NVE ga i 2008 konsesjon etter energilova til å byggje eit vindkraftverk med nettilknytning utanfor kysten av Møre og Romsdal.<sup>120</sup> Det framgår av vedtaket at ein mindre del av anlegget låg utanfor grunnlinja og verkeområdet til energilova.<sup>121</sup> NVE uttalar på same stad at dei kjenner til arbeidet med eit lovforslag som skal sikre nødvendig handsaming av løyve for energianlegg utanfor grunnlinja, men legg til grunn at dei vurderingane som skal gjerast i konsekvensutgreiinga også gjeld for den delen av vindkraftverket som er tenkt utanfor grunnlinja. NVE påpeikar òg at organet ikkje har konsesjonsmynde i dette området. Vedtaket

---

<sup>114</sup> Equinor – bakgrunn for innstilling (u.å.) side 8.

<sup>115</sup> Jf. Equinor – vurdering av konsesjonssøknad (2021) s. 3.

<sup>116</sup> Equinor – anleggskonsesjon (2021) s. 4.

<sup>117</sup> Equinor – anleggskonsesjon (2021) s. 4.

<sup>118</sup> Sjø Idunn (2008); Ægir (2008); Sørlege Nordsjøen (2008).

<sup>119</sup> Jf. havenergilovforskrifta § 1 andre ledd, jf. havenl. § 1-2 sjuande ledd og enl. § 1-1 tredje ledd.

<sup>120</sup> Havsul I – vedtak (2008)

<sup>121</sup> Havsul I – bakgrunn for vedtak (2008) s. 92.

blei klaga inn til OED, som i likskap med NVE, konkluderte med at fordelane ved Havsul I var større enn skadar og ulemper.<sup>122</sup>

Det er særleg interessant at NVE i 2012 vedtok utsett frist for oppstart og tilsvarande forskyving av konsesjonsperioden etter søknad frå Havsul, grunngjeve i manglande teknologi.<sup>123</sup> På dette tidspunktet hadde havenergilova med reglar om konsesjonssøknad for anlegg utanfor grunnlinja trådd i kraft, utan at det blei kommentert. Av same grunn aksepterte NVE i 2019, ny fristutsetting.<sup>124</sup> Vedtaket viser til høyringsinnspel frå fylkesmannen i Møre og Romsdal som peikar på at tiltaket ligg delvis utanfor grunnlinja og at havenergilova dermed bør verke inn på handsaminga av søknaden slik at det må gjerast nye konsekvensutredningar.<sup>125</sup> Marknaden blir ikkje kommentert av NVE.

OED avslår likevel søknaden om fristutsetting i klagehandsaminga.<sup>126</sup> Grunngjevinga er at den opphavlege konsesjonen og konsekvensutgreiinga er gammal og nye planar for Havsul I bør handsamast gjennom ny konsesjonsrunde.<sup>127</sup> OED peiker på at havenergilovforskrifta § 1 andre ledd krev ein føregåande prosess med opning av areal.

Ettersom tidlegare praksis viser at NVE av slo alle konsesjonssøknadar for vindparkar utanfor grunnlinja før havenergilova trådte i kraft, er det merkbart at det i denne saka førte fram og at NVE ga fristutsetting to gongar utan at det blei kommentert at delar av anlegget låg utanfor grunnlinja.<sup>128</sup> Sidan vedtakinga av havenergilova ikkje verka inn på handsaminga før konsekvensutgreiingane vart utdaterte, tilseier det at konsesjonsprosessane etter havenergilova og energilova er tilsvarande.

### **3.4.3 Samla betraktningar**

Gjennomgangen av konsesjonspraksis for nettanlegg som kryssar grunnlinja viser at havenergilova og energilova blir handsama samla og det er ikkje klart på førehand om NVE, OED eller båe organ handsamar søknaden. NVE har som utgangspunkt berre mynde til å vurdere anlegg innanfor grunnlinja, men praksis illustrerer at NVE i tillegg handsamar

---

<sup>122</sup> Havsul I – klagevedtak (2009).

<sup>123</sup> Havsul I – vedtak (2012).

<sup>124</sup> Havsul I – vedtak (2020).

<sup>125</sup> Havsul I – vedtak (2020) s. 2.

<sup>126</sup> Havsul I – klagevedtak (2021).

<sup>127</sup> Havsul I – klagevedtak (2021) s. 4 – 5.

<sup>128</sup> Sjø note 118.



havenergilova. Den samla vurderinga illustrerer at det ikkje er vesensforskjellar mellom føremåla til havenergilova og energilova som gjer at konsesjonshandsaminga for nettanlegg i sjø er ulik utanfor og innanfor grunnlinja.

Til forskjell frå MET Karmøy-saka der NVE er delegert konsesjonsmynde, treff OED vedtak etter både havenergilova og energilova i saka om elektrifisering av petroleumsanlegg. I elektrifiseringssaka gjev NVE ei innstilling som handsamar konsesjonsspørsmålet etter både energilova og havenergilova. Dette medfører ein grundig prosess, men det skjer også eit tidkrevjande dobbeltarbeid.

Ut over dette illustrerer saksgangen i Havsul I at NVE og OED kan handsame same konsesjonssøknadar ulikt. Gjennomgangen viser også at OED og NVE set ulike vilkår for kva som må inkluderast i detaljplanen. At søknadsprosessen går igjennom anten OED, NVE eller båe organ utan at det er klare rammer for kven som behandlar kva, skapar ulik skjønnsutøving som igjen gjev dårleg rettsvisse for aktørar.

Innleiingsvis vart det nemnt at EU legg opp til eit one-stop-shop-prinsipp. Prinsippet legg til grunn at ei kompetent mynde skal integrere eller koordinere alle konsesjonsprosessar for å minske kompleksiteten, auke effektiviteten og gjennomsiktigheita, samt bidra til å styrke samarbeidet mellom medlemsstatane.<sup>129</sup>

I Noreg koordinerer Olje- og energidepartementet konsesjonsprosessane for infrastrukturbygging til havs. At OED delegerer NVE mynde til å treffe avgjersle for etableringa av eit prosjekt, er i samsvar med det som er tillat etter den reviderte infrastrukturforordninga.<sup>130</sup> Likevel føreset den EU-rettslege lovlegheita at styresmakta som har fått kompetansen, skal treffe alle vedtak for prosjektet - både nettanlegg, produksjonsanlegg og nødvendige konsesjonar for drift, og at styresmakta fungerer som det einaste kontaktpunktet for konsesjonssøkar.<sup>131</sup>

Utforminga av det norske regelverket og praksis synest ikkje å vere i tråd med one-stop-shop-prinsippet ettersom energilova legg opp til at konsesjonssøknad til nettanlegget skal sendast til NVE og havenergilova legg opp til at konsesjonssøknad for produksjonsanlegg og nettanlegg

---

<sup>129</sup> Forordning 2022/869 avsnitt 29 i fortalen.

<sup>130</sup> Infrastrukturforordning 2022/869 artikkel 8 (3-6); Det same følj av fornybardirektiv 2018/2001/EU artikkel 16 (1) (ikkje innlemma i EØS-avtala).

<sup>131</sup> Forordning 2022/869 artikkel 8 (2)b).

utanfor grunnlinja skal sendast til OED.<sup>132</sup> For at det skal bli meir føreseieleg for aktørar burde det leggjast opp til meir straumlinja prosessar, der anten NVE eller OED behandlar alle konsesjonar som er nødvendig for etablering og drift av havvindprosjektet.

---

<sup>132</sup> Enl. § 3-1, jf. deleg. av myndighet etter energiloven til NVE; havenergilovforskrifta § 7.

# 4 Betydinga av EØS-retten for netregulering til havs

## 4.1 Innleiing

EUs tredje energimarknadspakke skal leggje til rette for ein velfungerande kraftmarknad mellom medlemslanda.<sup>133</sup> Parallelt med prosessen med å innlemme tredje energimarknadspakke i EØS-avtala, vedtok EU nye marknadsreglar gjennom "rein energi-pakken", som erstatta kraftmarknadslovgivinga i tredje energimarknadspakke.<sup>134</sup> Rein energi-pakken er foreløpig ikkje innlemma i EØS-avtala.<sup>135</sup> EU sin revidert infrastrukturforordning er òg relevant for reguleringa av nettverksemd.<sup>136</sup> Forordningar skal leggje til rette for fornybar energi og oppnå klimamåla, men er foreløpig ikkje innlemma i EØS-avtala.<sup>137</sup> Fram til rein energi-pakken eventuelt blir gjennomført i EØS, regulerer tredje energimarknadspakke forholdet mellom EFTA EØS-land og EU EØS-land.

Energimarknadsreglar innlemma i EØS-avtala er ikkje gjennomført utover verkeområdet til energilova.<sup>138</sup> Ei mogleg forklaring er ueinigheita om EØS-avtala sitt verkeområde på kontinentalsokkelen og den økonomiske sone. Medan EU-retten kan få verknad på kontinentalsokkelen og den økonomiske sone for EU-medlemsstatar, hevdar norske styresmakter at Noreg ikkje er bunde av EØS-retten i dette området.<sup>139</sup> Dette kapittelet skal undersøkje betydninga av EØS-retten for utbygging og drift av nettanlegg til havs, og om EU-rettsakter som ikkje er ein del av EØS-avtala, påverkar nettverksemd til havs.

---

<sup>133</sup> Prop.199 LS (2020–2021).

<sup>134</sup> European Commission (2019).

<sup>135</sup> Olje- og energidepartementet (2020); Innlemming av energimarknadspakken er kontroversiell som følge av at det vil gi EUs organ ACER, mynde til å fatte bindande vedtak noko som aktualiserer spørsmålet om Stortinget sin samtykkekompetanse etter Grunnlova §§ 115 og 26.

<sup>136</sup> Forordning 2022/869/EU, som erstattar forordning 347/2013.

<sup>137</sup> Regjeringa – EØS-notat (2022).

<sup>138</sup> Sjå lov om endringer i energiloven og enl. § 1-1 andre ledd.

<sup>139</sup> Sjå Fredriksen (2023) s. 497 – 502 om EU-retten sin eksterritoriale verknad i saker med tilstrekkeleg nær tilknytning til EU og EU-lovgivar sin kompetanse til å vedta rettsakter som gjeld ut over medlemsstatane sine territorium.

## 4.2 Verkeområdet etter EØS-avtala

For at EU-rettsakter skal kunne innlemmast, må dei vere EØS-relevant. Det vil seie at rettsakta fell innanfor EØS-avtala sitt saklege og geografiske verkeområde.<sup>140</sup> EØS-avtala sitt saklege verkeområde føl av artikkel 1, som gjeld føremålet om å opprette eit einskapleg europeisk økonomisk samarbeidsområde. EU sin kraftmarknadslovgiving fell som hovudregel inn under EØS-avtala sitt saklege verkeområde, ettersom Noreg er del av EUs indre energimarknad.<sup>141</sup> Det andre vilkåret for at ei EU-rettsakt er EØS-relevant, er at rettsakta fell innanfor det geografiske verkeområdet til EØS-avtala.

Verkeområdet til EØS-avtala føl av artikkel 126 nr. 1. Første del av føresegna slår fast at EØS-avtala gjeld på dei territorium der TEUV gjeld.<sup>142</sup> Den andre delen siktar til Island, Liechtenstein og Noreg som den andre avtalepart, og viser til at EØS-avtala gjeld på dei respektive "territorium". EU-traktaten skil seg frå EØS-avtala ettersom verken TEU artikkel 51 eller TEUV artikkel 355 viser til medlemsstatane sine "territorium" ved fastsetjinga av traktatane sine geografiske verkeområde.<sup>143</sup> TEU artikkel 51 listar berre opp medlemsstatane, utan å avgrense til deira territorium.

Ei tradisjonell forståing av «territorium» omfattar rekkevidda av ein stat sin suverenitet og jurisdiksjon. Det føl av havrettskonvensjonen at ein stat har suverenitet over landterritoriet, dei indre farvatn og sjøterritoriet, som inkluderer luftrommet og havbotnen inntil 12 nautiske mil frå indre farvatn.<sup>144</sup> På kontinentalsokkelen og den eksklusive økonomiske sone er staten sin jurisdiksjon underlagt dei føresegn som føl av havrettskonvensjonen del V og VI. Ei folkerettsleg tolking av EØS-avtala artikkel 126 tilseier at avtala gjeld til og med sjøterritoriet.

Norske styresmakter har kategorisk lagt til grunn at "territorium", tolka i tråd med folkeretten, tilseier at EØS-avtala ikkje gjeld utanfor sjøterritoriet.<sup>145</sup> Stortinget har uttalt at EØS-rettsakter kan innlemmast, eller tilsvarande reglar kan gjerast gjeldande, utanfor territoriet,

---

<sup>140</sup> St.meld. 5 (2012-2013) s. 39.

<sup>141</sup> Bjørnebye (2021) s. 324 – 325.

<sup>142</sup> TEUV artikkel 355 viser til opplistinga av medlemsstatane i TEU artikkel 52.

<sup>143</sup> Fredriksen (2022) s. 62.

<sup>144</sup> Havrettskonvensjonen artikkel 2 nr. 1 og 2, 3 og 5.

<sup>145</sup> Sjø St.meld. 5 (2012-2013).

utan at det endrar Noreg si prinsipielle forståinga av det geografiske verkeområdet til EØS-avtala.<sup>146</sup>

ESA viser på si side til praksis frå EU-domstolen, og gjer gjeldande at EØS-avtala sitt verkeområde må definerast på ein "funksjonell måte" i lys av føremålet med EØS-avtala.<sup>147</sup> Føremålet med EØS-avtala er å styrke handelen og det økonomiske forholdet mellom EU og EØS-landa.<sup>148</sup> Prinsippet om homogenitet mellom tilsvarande reglar i EØS-avtala og EU-traktaten, som skal bidra til å fremje dette føremålet, tilseier at rettsbrukarar skal streva etter ei lik tolking som EU-retten. Etter praksis frå EU-domstolen er det avgjerande om det er "sufficiently close link with the EEA territory".<sup>149</sup> EU-domstolen har i saker om EU-retten sin verknad på kontinentalsokkelen, lagt til grunn at folkerettslege rettar på kontinentalsokkelen fyl av statssuvereniteten, slik at aktivitet i tråd med konvensjonen på dette område er regulert av EU-retten.<sup>150</sup>

Det er ueinigheit om tolkinga av artikkel 126 nr. 1 i juridiske teori.<sup>151</sup> Verken EFTA-domstolen eller EU-domstolen har teke stilling til betydinga av omgrepet «territorium» i art. 126, slik at spørsmålet framleis må reknast som uavklart.<sup>152</sup>

Situasjonen kan hevdast å ha fått ei ny dreining som følgje av EFTA-domstolen sine generelle utsegn i sak E-8/19 *Scanteam*. Saka gjaldt spørsmål om direktiv 2014/24 om offentlege innkjøp kom til bruk på ei anskaffing gjort av den norske ambassaden i eit tredjeland. Domstolen uttalte at «EØS-avtalens geografiske virkeområde er imidlertid ikke til hinder for at EØS-retten kan få virkninger utenfor EØS-territoriet [...] Det følger av fast rettspraksis fra EU-domstolen at EU-retten får anvendelse ved vurdering av alle rettsforhold i den utstrekning disse forhold, enten på grunn av det sted der de blir inngått eller det sted der de får virkninger, kan befinne seg innenfor Den europeisk unions territorium». <sup>153</sup> Det avgjerande var om handlinga hadde «tilstrekkelig nær tilknytning til EØS». <sup>154</sup> Sjølv om det geografiske

---

<sup>146</sup> St.meld. 5 (2012-2013) s. 41.

<sup>147</sup> Sjø Ot.prp. nr. 99 (2005-2006) s. 19 og 21 – 22.

<sup>148</sup> Jf. EØS-avtala artikkel 1.

<sup>149</sup> Ot.prp. nr. 99 (2005-2006) s. 22.

<sup>150</sup> Sjø C-37/00 Weber (avsnitt 34-36); C-06/04 Habitas (avsnitt 117); C-347/10 Salemink (avsnitt 35-36).

<sup>151</sup> Hunter (2023) s. 417; Sjø Fredriksen (2023) s. 505 som legg til grunn at det ikkje er noko eintydig konklusjon, men viser til Trosdahl (2019) som konkluderer med at EØS-avtala, i tråd med EU-domstolen si tilknærming til EU-retten, gjeld på kontinentalsokkelen i den utstrekning EØS-statane har jurisdiksjon der.

<sup>152</sup> Laurantzon (2020) s. 91; Schütz (2014) s. 122 – 123.

<sup>153</sup> E-8/19 *Scanteam* avsnitt 66 og 67.

<sup>154</sup> E-8/19 *Scanteam* avsnitt 69.

verkeområdet etter EØS-avtala artikkel 126 var eit sentralt tema i utsegna frå den norske stat, presiserte EFTA-domstolen at den ikkje tok stilling til tolkinga av artikkel 126.<sup>155</sup>

Fredriksen og Skodvin argumenterer for at EFTA-domstolen sine generelle uttalar tilseier at domstolen implisitt avviser norske styresmakter sin påstand om at EØS-avtala artikkel 126 avskjer einkvan form for eksterritorial EØS-rettsleg verknad.<sup>156</sup> Resultatet i Scanteam-saka hindrar ikkje ei tradisjonell folkerettsleg forståing av territorialomgrepet i EØS-avtala artikkel 126, men uttala utelukka ikkje eksterritorial verknad av materielle EØS-reglar i sakar med tilknytning til den indre marknad.

### 4.3 Har det geografiske skilje praktisk betydning?

Den praktiske betydninga for handhevinga av EØS-retten er avgrensa så lenge norske styresmakter gjer EØS-retten gjeldande utanfor territorialgrensa, anten gjennom implementering eller å opprette tilsvarende regelverk. Det gjev EU liten grunn til å reagere på det formelle standpunktet.

Tolkinga av norske reglar avheng jamvel av om regelen formelt implementerer EØS-rett. Ved motstrid mellom norsk lov eller forskrift, og på den andre sida lov eller forskrift som gjennomfører EØS-rett, skal gjennomføringslova gå føre, jf. EØS-lova § 2. Det er likevel sjeldan at EØS-lova sin regel om forrang aktualiserer seg ettersom ein i tråd med presumpsjonsprinsippet skal presumere at norsk rett er i samsvar med folkerettslege plikter.<sup>157</sup>

Dei generelle uttalanene i Scanteam-saka har større betydning for EU-rettsakter som er implementert i EØS-avtala og omfattar aktivitetar utanfor territorialfarvatnet, men som ikkje er gjennomført i norsk rett for heile det geografiske område. Rettsaktene i tredje energimarknadspakke angjev ikkje reglane sine geografiske verkeområde, og dermed følj verkeområdet til rettsaktene av EU-retten sitt generelle verkeområde.<sup>158</sup> Det vil seie at rettsaktene gjeld på sjøterritoriet og så langt medlemsstatane har jurisdiksjon på kontinentalsokkelen og den økonomiske sone. I Noreg er tredje energimarknadspakke hovudsakleg gjennomført i norsk rett gjennom forskrifter til energilova, som berre gjeld til

---

<sup>155</sup> E-8/19 Scanteam avsnitt 73; Staten sine anførslar følj av rettsmøterapporten i sak E-8/19 avsnitt 69-76.

<sup>156</sup> Fredriksen (2023) s. 506.

<sup>157</sup> Sjå meir om presumpsjonsprinsippet i Fredriksen (2022) s. 422 – 428.

<sup>158</sup> Jf. TEU artikkel 51 og TEUV artikkel 355.

grunnlinja. Ved etablering av energinett til produksjonsanlegg utanfor grunnlinja vil det kunne oppstå spørsmål om mangelfull implementering av energimarknadsdirektiva, ettersom Noreg pliktar å gjennomføre EØS-rettsakter i alle fall ut territorialfarvatnet.<sup>159</sup>

EØS-rettsakter sine verknadar utover territorialfarvatnet avheng av om aktivitetane har "tilstrekkelig nær tilknytning" til EØS.<sup>160</sup> Terskelen for kva som har "tilstrekkelig nær tilknytning" verkar i lys av EU-domstolen sin praksis å vere låg.<sup>161</sup> Fleire generelle moment tilseier at tiltak knytt til havvindinfrastruktur vil ha tilstrekkeleg tilknytning. Det kan peikast på at prosjekta blir dekkja av det materielle verkeområde til direktiva i territorialfarvatnet, og er dermed omfatta av EØS-retten innanfor dette område. Det er ein sterk sakleg og økonomisk samanheng mellom havvindaktivitet som skjer innanfor og utanfor verkeområdet av EØS-avtala. For det andre vil anlegga gje straum til forbrukarar busett innanfor EØS.<sup>162</sup> Eit tredje moment er at prosjekt sannsynlegvis vil engasjere oppdragsgivarar eller økonomiske aktørar innanfor EØS.<sup>163</sup>

Moglegheita for at EØS-avtala får eksterritorial verknad er ikkje i seg sjølv eit argument for at ny EU-lovgiving som regulerer forhold på sokkelen må vurderast som EØS-relevant. Norske styresmakter står framleis fritt til å motsette seg nye EU-reglar med verkeområde utanfor territoriet så lenge styresmaktene opprettheld den folkerettslege forståinga av EØS-avtala artikkel 126.

Betydinga av EØS-avtala sitt geografiske verkeområde er større for EØS-relevante EU-reguleringar som ikkje er innlemma i EØS-avtala. Havstrategidirektivet blei til dømes ikkje innlemma i EØS-avtala som følgje av at ein stor del av verkeområdet til direktivet var utanfor territorialfarvatnet, og dermed "utenfor EØS-området geografiske virkeområde".<sup>164</sup> Noreg har havforvaltningsplanar som langt på veg møter dei føringane som havstrategidirektivet gjev.<sup>165</sup> Men i tilfelle der norske reglar går lenger enn EØS-retten, gjennom for eksempel å

---

<sup>159</sup> Sjø om statleg erstatningsansvar for mangelfull implementering av EØS-plikter i Fredriksen (2022) s. 462 flg.

<sup>160</sup> Jf. E-8/19 Scanteam avsnitt 69.

<sup>161</sup> Sjø Fredriksen (2023) s. 498 og 51 med vidare tilvising til sak C-214/94 Boukhalfa.

<sup>162</sup> Sml. EØS-avtala artikkel 36.

<sup>163</sup> Sml. EØS-avtala artikkel 31 og 40.

<sup>164</sup> Jf. Meld. St. 5 (2012-2013) s. 41.

<sup>165</sup> Meld. St. 20 (2019-2020); NIVA (2022).

gjere tilsvarende reglar gjeldande utover avtala sitt verkeområde, er det ikkje eit mål om å sikre felles tolking med EU-retten.<sup>166</sup>

Den reviderte infrastrukturforordninga blir vurdert innlemma i EØS-avtala, men er ikkje definert som EØS-relevant av Europakommisjonen.<sup>167</sup> Den reviderte infrastrukturforordninga er sentral for utbygging av nettanlegg til havs, og legg opp til ei sterkare koordinering mellom medlemslanda ved planlegging av offshore el-nett og nettverk for hydrogen. Aktørar meiner at forordninga bør innlemmast av samfunnsøkonomiske og miljømessige omsyn.<sup>168</sup> EØS komiteen vedtok i 2017 at den tidlegare infrastrukturforordninga for energi ikkje var EØS-relevant.<sup>169</sup> Grunngevinga blei unnateke offentlegheita. I tillegg til sjølvråderetten ved utbygging av nett og infrastruktur, er det anteke at ein viktig grunn til at forordninga ikkje blei implementert var at store delar av forordninga gjaldt utanfor EØS-avtala sitt geografiske verkeområde.<sup>170</sup>

Verkeområdet til den reviderte infrastrukturforordninga er den same som tidlegare. Det blir interessant å sjå om norske styresmakter vel å oppretthalde den tradisjonelle folkerettslege forståinga av territorialomgrepet i EØS-avtala artikkel 126 no som den praktiske betydninga av denne er mindre. I tråd med auka utbyggingsaktivitet til havs, den manglande EØS-reguleringa i territorialfarvatnet og spørsmål om implementering av EU sin fjerde energimarknadspakke, er det nok berre eit spørsmål om tid før EØS-avtala sitt geografiske verkeområde blir avgjort av Høgsterett og/eller EFTA-domstolen.

## **4.4 Kort om det rettspolitiske behovet for å ha eit felles europeisk regelverk til havs**

Tilknytingslæra i Scanteam-saka, vil medføre ulempe samanlikna med å la EØS-avtala artikkel 126 heimle bruk av avtala i heile staten sitt jurisdiksjonsområde, slik som i EU-statar. Å anvende tilknytingslæra i den enkelte sak vil vere tid- og ressurskrevjande, og kan føre til

---

<sup>166</sup> Sjø Schütz (2014) s. 118 – 119.

<sup>167</sup> Regjeringa – EØS-notat (2022).

<sup>168</sup> Norwegian Offshore Wind Cluster (2021).

<sup>169</sup> Olje- og energidepartementet (2017).

<sup>170</sup> Statkraft (2021).



auka saksmengd i nasjonale domstolar og EFTA-domstolen. Trosdahl viser til at tilknytingslæra opnar for større skjønnsutøving og dermed mindre rettsvise.<sup>171</sup>

Fredriksen og Skodvin peiker på at Noreg gjennom EØS-avtala protokoll 4 har sikra at olje og gass og eventuelle andre produkt utvinna på eller under havbotnen blir rekna som varer med opphav i EØS, òg utanfor territorialfarvatnet.<sup>172</sup> Forfattarane viser til at dei er einige med Trosdahl om at det er vanskeleg å akseptere at verksemd på kontinentalsokkelen som har som føremål å produsere varer for sal på det indre marknad, ikkje skal vere omfatta av EØS-reglane som i andre samanhengar regulerer slik økonomisk aktivitet.<sup>173</sup>

Nettanlegg som blir rekna som utlandsforbindingar er underlagt EØS-regelverket.<sup>174</sup> Noreg vil måtte overhalde EØS-reglar på den delen av hybridprosjekt som blir rekna som utlandsforbinding.<sup>175</sup> Sjølv om EØS-retten ikkje skulle gjelde for produksjonsanlegg utanfor territorialfarvatnet er det i EU avklart at EU-retten gjeld i territorialfarvatnet.<sup>176</sup> Dermed må EU-land som Noreg ønskjer å knyte seg til, følgje det rettslege rammeverket for hybridnettet og produksjonsanlegg til havs, fullt ut. Ved utbygging av hybridforbindingar til andre land, vil koordinering over landegrensar vere heilt nødvendig ettersom slik fysisk samankopling av kraftsystem føreset felles prosedyrar og samarbeid mellom marknadsoperatørar og systemoperatørar i dei landa som blir bunde saman.<sup>177</sup>

Det er behov for å knyte aktivitetane på kontinentalsokkelen både til kraftsystemet på land og i EU, noko som tilseier at EØS-regelverket vil smitte over på aktivitetar på kontinentalsokkelen og den økonomiske sone. Dersom ein opererer med ulikt regelverk risikerer ein at norske netteigarar eller eksportørar ikkje kan delta med like konkurransevilkår som EU. Rettspolitisk er det difor ikkje haldbart at Noreg fritt kan styre over havvindinfrastruktur på kontinentalsokkelen og den økonomiske sone.

---

<sup>171</sup> Trosdahl (2019) s. 101.

<sup>172</sup> Fredriksen (2023) s. 510.

<sup>173</sup> Fredriksen (2023) s. 510 med vidare tilvising til Trosdahl (2019) s. 112.

<sup>174</sup> Jf. forskrift 20. desember 2006 nr. 1563 om vilkår for tilgang til nett for utveksling av elektrisk kraft over landegrensene § 1, jf. forordning 714/2009/EF.

<sup>175</sup> Hybridar skil seg frå tradisjonelle utlandsforbindingar. Det er ikkje openberr frå kva punkt nettanlegget skal reknast som ein overføringsforbinding i grensehandelsforordninga si forstand, og dette må antakeleg vurderast konkret, sjå RME rapport nr. II s. 12 – 14.

<sup>176</sup> Jf. TEU artikkel 52 (1) som ikkje avgrensar verkeområdet til medlemsstatane sine territorium.

<sup>177</sup> RME (2023) s. 12 – 14.

# 5 Eit sameint kraftsystem?

## 5.1 Innleiing

Vedtakinga av energilova i 1990 endra kraftforsyninga frå eit planregime der lokale nettselskap hadde monopol på overføring og sal til sluttbrukarane, til eit konkurranseregime.<sup>178</sup> Medan kraftproduksjon og kraftomsetnad er konkurranseutsette verksemder, er overføring og fordeling av elektrisk kraft eit naturleg monopol som ikkje kan konkurranseutsetjast gjennom ordinære marknadsmekanismar.<sup>179</sup> Det naturlege monopolet kjem av at det ikkje er samfunnsøkonomisk å byggje fleire straumnett ved sida av kvarandre.<sup>180</sup> For å hindre at nettselskap utnyttar monopolstillinga, samt sikre samfunnsmessig rasjonell drift, utnytting og utvikling av nettet, er sektoren underlagt omfattande regulering i energilova og forskrifter.<sup>181</sup>

For å kontrollere at kraftomsetnad og nettverksemd er samfunnsmessig rasjonelt, krev energilova § 4-1 at alle som står for "omsetning" av elektrisk energi har omsetnadskonsesjon, som kan setjast vilkår til. Kravet gjeld alle som driv med vidareformidling av elektrisk energi, slik at både nettselskap og kraftprodusentar er omfatta.<sup>182</sup> Reguleringsmynda (RME) har nedfelt eit hovudprinsipp gjennom NEM-forskrifta § 4-6 om fri tilgang til kraftnettet til regulerte tariffar, for å leggje til rette for effektiv konkurranse i kraftmarknaden.<sup>183</sup> Føresegna må sjåast i samheng med enl. §§ 3-4 og 3-4a om netteigar si tilknytings- og investeringsplikt ovanfor kraftprodusentar og uttakskundar.<sup>184</sup>

Etter enl. § 4-1 andre ledd nr. 1 kan det setjast vilkår om den interne organiseringa og rekneskapen hos konsesjonæren. Hovudregelen etter energilova med forskrifter er at monopolbasert verksemd skal være økonomisk, selskapsmessig og funksjonelt åskilt frå konkurranseutsett verksemd.<sup>185</sup> Føremålet med å skilje konkurranseutsett verksemd frå

---

<sup>178</sup> Sjø Bjerke (2013) s. 10.

<sup>179</sup> Naas-Bibow (2011) s. 14.

<sup>180</sup> Sjø Falck (2004) s. 14.

<sup>181</sup> Energifakta Norge (2019).

<sup>182</sup> Sjø forskrift av 24. oktober 2019 nr. 1314 om nettregulering og energimarkedet (NEM) § 4-2 første ledd; Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) s. 51.

<sup>183</sup> Jf. enl. § 4-1 andre ledd nr. 2; Naas-Bibow (2011) s. 13

<sup>184</sup> Ot.prp. nr. 62 (2008-2009) s. 43.

<sup>185</sup> Rabben (2021) Karnov lovkommentar til energiloven § 4-1 note 7; Sjø enl. §§ 4-6 og 4-7 og NEM-forskrifta § 4-4.

monopolverksemd er å motverke at inntekter frå monopolverksemd understøtter konkurranseutsett aktivitet – såkalla kryssubsidiering.<sup>186</sup>

Forskrift om kontroll av nettverksemd gjev detaljerte rapporteringskrav, som pålegg konsesjonæren å rapportere økonomiske og tekniske data til RME.<sup>187</sup> Føremålet er at RME skal føre tilsyn, og få nødvendig informasjon til å fastsetje tillat inntekt for nettverksemda.<sup>188</sup> Inntektsrammereguleringa skal gi insentiv til å drive og utvikle nettet effektivt og forsvarleg.<sup>189</sup>

Medan energilova har nettregulering beståande av direktereguleringar, inntektsrammeregulering og tilsyn for å sikre samfunnsrasjonell nettverksemd, manglar havenergilova tilsvarende regulering av energinettet.<sup>190</sup> I innstillinga om havenergilova uttalte komiteen at "regelverk knytt til nettregulering, vil krevje nærare utgreiningar for å sikre at ei slik regulering blir føremålstenleg utforma. Man vil prioritere høgt å utarbeide slikt regelverk, slik at lovføresegner og forskrifter ligg føre i god tid før det er aktuelt med store investeringar innan lova sitt verkeområde".<sup>191</sup> Sjølv om dei første områda er opna for konkurranse, manglar havenergilova framleis føresegn om nettregulering.

Det vil vere naturleg å ta utgangspunkt i energilova sine føresegn om nettregulering ved regulering av energinettet til havs for å sameine regelverket i størst mogleg grad og gjere det føreseieleg for nettverksemd. Dei same omsyna knytt til regulering av nettverksemd sitt naturlege monopol i overføringsnettet, gjer seg òg gjeldande til havs. Dette kapittelet skal ta for seg spørsmål om nettverksemdregulering under energilova kan nyttast til havs, og eventuelt kva tilpassingar som må gjerast. Energilova sine reglar for nettverksemd er omfattande, slik at oppgåva må avgrensast til å ta for seg eit knippe sentrale reguleringar som vil vere relevante også til havs.

Spørsmålet har òg ei side til EØS-rettslege plikter. Eldirektivet som er innlemma i EØS-avtala pålegg blant anna Noreg å implementere EU sine reglar for marknadsadgang, nettilgang,

---

<sup>186</sup> Naas-Bibow (2011) s. 14.

<sup>187</sup> Forskrift 11. mars 1999 nr. 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffar.

<sup>188</sup> RME (2022) s. 40 – 41; Inntektsrammereguleringa framgår av NEM-forskrifta § 4-5 første ledd og kontrollforskrifta kapittel 7-10.

<sup>189</sup> Ot.prp. nr. 62 (2008-2009) s. 17.

<sup>190</sup> Sjø Ot.prp. nr. 62 (2008-2009) s. 16 – 17 for vidare utdjuing av insentiva for investering i og drift av nett.

<sup>191</sup> Innst. 176 L (2009-2010) s. 2.

tredjepartsadgang, marknadsregulering, nettutveksling, nettoperatørar si rolle og plikt, forsyningssikkerheit, energieffektivitet og miljøvern.<sup>192</sup> Regelverket er ikkje gjennomført utover grunnlinja, men har likevel innverknad på kontinentalsokkelen og i den økonomiske sone.<sup>193</sup>

## 5.2 Regulering av systemansvar og eigarskap

### 5.2.1 Klassifisering av nettanlegg

Energilova si klassifisering av nettanlegg på transmisjonsnettsnivå danner eit viktig utgangspunkt for krava til eigarmessig skilje mellom transmisjonsnettoperatørar (TSO) og annan verksemd ("unbundling").<sup>194</sup> Etter energilova § 1-5 første ledd er transmisjonsnett anlegg for overføring av elektrisk energi på minst 200 kV, og anlegg på 132 kV som er av "vesentlig betydning for driften av disse anleggene". Anlegg som berre tener ein enkelt eller eit fåtal brukarar fell utanfor, jf. tredje ledd. Omgrepet transmisjonsnett blei innført i energilova for å tilpasse regelverket til elmarknadsdirektivet.<sup>195</sup> Hovudregelen er at den som eig og driftar transmisjonettet, også skal vere TSO.<sup>196</sup>

Til forskjell frå energilova har ikkje havenergilova føresegn om klassifisering av nettet og dermed heller ikkje krav til eigarmessig skilje. I tilfelle det ikkje er reglar for klassifisering av nett til havs og det blir bygd ut eit energinett med fleire brukarar, på eit spenningsnivå som normal inngår i transmisjonsnettet, vil det oppstå ulike krav til eigarskap og drift av dei same sjøkablane utanfor og innanfor grunnlinja. Det vil by på store utfordringar når det er tale om ein fysisk samankopla kabel.<sup>197</sup> Dette kan reknast for å ha vore avgjerande for NVE sitt avslag av Serene-prosjektet, som galdt søknad om kraftoverføring frå Samnager til norsk sokkel i Nordsjøen kor det var meldt utbygging av eit felles offshore kraftnett.<sup>198</sup> NVE grunngje avslaget med at nettet måtte definerast som transmisjonsnett og eigast av Statnett ettersom det skulle forsyne meir enn éin eller eit fåtal kundar.

---

<sup>192</sup> EU direktiv 2009/72/EF; Sjø EØS-avtala Vedlegg IV.

<sup>193</sup> Sjø kapittel 4.

<sup>194</sup> Sjø enl. § 1-5 og enl. § 4-8.

<sup>195</sup> Prop. 35 L (2015-2016) s. 40; Direktiv 2009/72/EF (innlemma i EØS-avtala), erstatta av direktiv 2019/944/EU (ikkje innlemma i EØS-avtala).

<sup>196</sup> Sjø enl. § 4-10.

<sup>197</sup> Sjø RME (2023) s. 12 -13.

<sup>198</sup> Serene Onshore (2019).

Det er skissert ei utbygging av energinetten til havs i fleire ledd.<sup>199</sup> Regjeringa legg til grunn i utlysingsdokumenta frå mars 2023 av Sørlege Norsjø II og Utsira Nord, at dei første produksjonsanlegga skal knytast til Noreg gjennom radialar, som skal finansierast av aktørane sjølv.<sup>200</sup> Sjølv om utlyst produksjonskapasitet på Sørlege Norsjø II og Utsira Nord tilseier at det kan bli behov for nettanlegg på spenningsnivå som normalt inngår i transmisjonsnettet, er det sannsynleg at unntaket frå å klassifisere anlegget som transmisjonsnett i enl. § 1-5 tredje ledd gjer seg gjeldande, ettersom det er planlagd radialar som berre tener ein aktør eller ei gruppe aktørar.<sup>201</sup> I første fase er det dermed ikkje problematisk at havenergilova ikkje har føresegn om klassifisering. Dette stiller seg annleis etterkvart som det blir større og fleire utbyggingar og det blir aktuelt å kople saman dei ulike radialane til eit masket nett, i tillegg til å byggje hybridkablar til andre energimarknadar/land.<sup>202</sup>

Hybridkablar er kablar som knytt produksjonsanlegget til utanlandske marknadar, petroleumsinstallasjonar eller anna, i tillegg til den norske kraftmarknaden, der straumutveksling kan skje begge vegar.<sup>203</sup> Omgrepet er ikkje nytta i energilova eller havenergilova, men EU-kommisjonen har lagt til grunn at eit hybridnett skal reknast som ei utanlandskopling.<sup>204</sup> Dersom hybridkablar tilknytt produksjonsanlegg utanfor grunnlinja er tilknytt det norske kraftsystemet på land og krev særskilt konsesjon etter enl. § 4-2, vil kabela fullt ut regulerast av energilova.<sup>205</sup> Ein hybridkabel vil krevje svært høg spenning og vil dermed reknast som eit transmisjonsnett.<sup>206</sup>

## 5.2.2 Systemansvar og eigarskap

Energilova kapittel 6 med utfyllande forskrift om systemansvar, regulerer systemansvarlege sine oppgåver og mynde.<sup>207</sup> Den systemansvarlege skal koordinere drifta av kraftsystemet og sørge for balanse mellom produksjon og forbruk.<sup>208</sup>

---

<sup>199</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 44 – 45.

<sup>200</sup> Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II vedlegg 3 (2023); Olje og energidepartementet – Utsira Nord vedlegg 3 (2023).

<sup>201</sup> RME (2022) s. 11.

<sup>202</sup> Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) s. 45 og Meld. St. 11 (2021-2022) s. 70.

<sup>203</sup> Meld. St. 36 (2020-2021) s. 89.

<sup>204</sup> COM/2020/741 s. 12.

<sup>205</sup> Havenl. § 8-1, jf. havenergilovforskrifta § 1 tredje ledd; Sjø Prop. 160 L (2020-2021) s. 12.

<sup>206</sup> Sjø RME (2023) s. 14.

<sup>207</sup> Forskrift 07. mai 2002 nr. 448 om systemansvaret i kraftsystemet.

<sup>208</sup> Sjø enl. § 6-1 andre ledd og havenl. § 7-1 andre ledd.

Statnett er systemansvarleg og TSO i det norske kraftsystemet gjennom energilova med forskrifter.<sup>209</sup> Statnett har heimel etter forskrift om systemansvar til å fastsette tilknytingspunkt innanfor grunnlinja.<sup>210</sup>

Utanfor grunnlinja opnar havenergilova § 7-1 for at departementet kan tildele mynde til å utøve systemansvar og regulere ansvaret gjennom forskrift. Regjeringa har utpeikt Statnett som systemansvarleg til havs, og uttalt i utlysingsdokumenta til første fase av Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord at Statnett skal sikrast nødvendige heimlar til å setje vilkår om fastsetting og oppfølging av funksjonalitet til produksjonsanlegg utanfor grunnlinja.<sup>211</sup> Det føreligg jamvel ingen formalisering av Statnett si rolle som systemansvarleg utanfor grunnlinja per mai 2023. Ei utviding av energilova sitt verkeområde, og under dette forskrift om systemansvar med eventuelle tilpassingar for nettanlegg til havs, vil sikre slik formalisering. Dette vil vere i tråd med føresetnadane i havenl. § 7-1 tredje ledd om at systemansvaret utanfor grunnlinja kan samordnast med energilova sine reglar om systemansvar.

Som påpeikt i delkapittelet over, vil det ved utbygging av eit masket nett til havs, bli nødvendig å innføre tilsvarende reglar om klassifisering som i energilova. Reglane i eldirektivet krev skilje mellom TSO-ar og annan verksemd.<sup>212</sup> Eit alternativ som er valt i Noreg er eigarmessig skilje mellom TSO-en og verksemd som driv produksjon eller omsetnad av elektrisitet, jf. eldirektivet artikkel 9.<sup>213</sup> Etter energilova § 4-8 kan ikkje den som eig eller er systemansvarleg for transmisjonsnettet drive med produksjon eller omsetnad av elektrisk energi. Regelen er grunngeve i monopolsituasjonen og moglegheita for å forskjellsbehandle eigne produsentar i vertikalt integrerte føretak.<sup>214</sup> Ved ei utviding av energilova sine føresegn om klassifisering, må radialar på eit spenningsnivå som inngår i transmisjonsnettet og som går frå å tene éin eller eit fåtal aktørar til fleire, omklassifiserast til transmisjonsnett og avhendast til transmisjonsoperatør (Statnett).<sup>215</sup>

---

<sup>209</sup> Systemansvarsforskrifta; NEM-forskrifta kapittel 6; energilovforskrifta §§ 6-1 og 6-3; kraftrasjoneringsforskrifta § 3a.

<sup>210</sup> Sjø Olje og energidepartementet – Utsira Nord (2023).

<sup>211</sup> Olje og energidepartementet – Utsira Nord (2023) vedlegg 3; Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II vedlegg 3 (2023).

<sup>212</sup> Bjørnebye - lovkommentar (2021) til energiloven § 1-5 note 1.

<sup>213</sup> Sjø Prop. 5 L (2017–2018) s. 42 og 54 – 55.

<sup>214</sup> Direktiv 2009/72/EF avsnitt 11 i fortalen.

<sup>215</sup> Sjø enl. § 4-8 fjerde ledd og kontrollforskrifta § 10-2.

Ein annan konsekvens av å gjere *unbundling*-reglane gjeldande utover grunnlinja, er at eigar av hybridkablar må sertifiserast som TSO og kan ikkje inngå i eit vertikalt integrert føretak som har interesse i kraftproduksjon.<sup>216</sup> Hovudregelen etter enl. § 4-2 første ledd er at konsesjon for eigarskap og drift av utlandsforbindingar berre kan gjevast til den systemansvarlege eller føretak kor den systemansvarlege har bestemmande påverknad. Enl. § 4-2 tredje ledd opnar for at andre føretak enn systemansvarleg kan eige og drive utanlandskablar når forbindinga er tilknytt forbruk eller produksjon av elektrisk energi til havs.<sup>217</sup> Dermed er det ikkje berre Statnett som systemansvarleg som kan eige hybridkablar. Eigar av hybridkablar må jamvel vere TSO, og det er berre Statnett som i dag er sertifisert TSO i Noreg.

Vidare krev energilova § 4-6 selskapsmessig skilje mellom nettverksemd og andre verksemdar for alle energiforetak med inntektsramme fastsatt av NVE.<sup>218</sup> Den norske regelen går lenger enn eldirektivet, der krav om selskapsmessig skilje berre gjeld for verksemdar med over 100 000 tilknytte kundar.<sup>219</sup> Føresegna må sjåast i samanheng med kravet om funksjonelt skilje for nettverksemd med meir enn 10 000 kundar i enl. § 4-7.<sup>220</sup> Reglane skal sikre nøytralitet hos netteigar, og hindre misbruk av nettverksemda sitt naturlege monopol.<sup>221</sup>

Kravet om funksjonelt skilje vil ikkje vere relevant til havs da det berre omfattar verksemdar med over 10 000 tilknytte kundar, som vil vere lite sannsynleg til havs. Kraftprodusentar som berre eig sin eigen tilknytingsleidning eller har eigen transformering utan kundar, er ikkje omfatta av inntektsramma etter kontrollforskrifta § 7-2, og er dermed unnateke kravet om selskapsmessig skilje etter enl. § 4-6.<sup>222</sup> Føremålet med regelen gjer seg ikkje gjeldande for selskap som ikkje tarifferer kundar eller set vilkår for nettilknytning. På sikt vil kravet om selskapsmessig skilje til havs likevel bli aktuelt dersom fleire produsentar, og eventuelt uttakskundar som petroleums installasjonar, blir tilkopla nettanlegget. I så fall er det

---

<sup>216</sup> Jf. enl. § 4-10 og elmarknadsdirektivet artikkel 10; OED kan innvilge tidsavgrensa unntak frå kravet om eigarmessig skilje etter forordning 714/2009/EF art. 17.

<sup>217</sup> Jf. enl. § 4-2 andre ledd.

<sup>218</sup> Sjø Pop. 35 L (2015-2016) s. 23.

<sup>219</sup> Verkeområdet til føresegna blei utvida ved endring i kraft frå 1. januar 2021. Fram til då var kravet tilsvarande som i direktiv 2009/72/EF artikkel 26.

<sup>220</sup> OED føreslår i enl. § 4-7 i Prop. 65 L (2022-2023) at kravet til funksjonelt skilje berre skal gjelde for nettføretak som har 100 000 eller fleire nettkundar. Forslaget svarar til reglane i elmarknadsdirektiv 2009/72/EF artikkel 26 nr. 4.

<sup>221</sup> RME (2022) s. 41.

<sup>222</sup> Pop. 35 L (2015-2016) s. 23.

hensiktsmessig at reglar om selskapsstruktur for nettverksemdar som overfører elektrisk energi over grunnlinja er like innanfor og utanfor grunnlinja.

## 5.3 Tariffering

Tarifferingsreglar gjev prissignal ovanfor nettverksemdar og er difor av betydning for aktørar som deltek i konkurranse om dei første havvindområda som er utlyst. Det skal difor undersøkjast om tarifferingsreglar vil gjere seg gjeldande til havs slik reguleringa er i dag.

Tariffering er alle prisar for tilknytning og bruk av nettet og inkluderer tariffar og anleggsbidrag/tilknytingsgebyr.<sup>223</sup> Tariffreglane fordeler kostnadane mellom ulike kundetypar, for eksempel produsentar og uttakskundar, og mellom nettnivå.<sup>224</sup> Tariffane for nettanlegg på land blir fastsett av netteigar i tråd med inntektsrammereguleringa og prinsipp for tariffutforming som er nedfelt i NEM-forskrifta § 4-6 og kontrollforskrifta kapittel 13 til 17.<sup>225</sup>

I tilleggsmeldinga til energimeldinga framgår det at "*Regjeringen vil [...] legge til rette for at nettkundene på land ikke skal bære investeringskostnaden av nettet til havs for de første prosjektene.*"<sup>226</sup>

Anleggsbidragsreglane i kontrollforskrifta kapittel 16 er av stor betydning for fordeling av kostnadar mellom nettkundar. Etter kontrollforskrifta § 16-1 blir krav om betaling av heile eller delar av kostnadsgrunnlaget for investeringar utløyst når kunden blir tilknytt nettet eller nettet må utvidast eller forbetrast. Dersom ei investering kjem andre brukarar av nettet til gode, føl det av kontrollforskrifta § 16-10 at kostnadsgrunnlaget skal reduserast med 50 prosent ved rekning av anleggsbidrag i regional- og transmisjonsnett. I regionalnettet blir dei resterande kostnadane fordelt mellom nettbrukarar i den aktuelle regionen, medan kostnadane i transmisjonsnettet blir fordelt mellom alle nettbrukarar i landet.<sup>227</sup>

---

<sup>223</sup> Statnett – brev (2022) s. 21; Del V i kontrollforskrifta regulerer tariffar.

<sup>224</sup> Kontrollforskrifta § 13-1.

<sup>225</sup> I den nye el-forordninga 2019/943/EU (ikkje innlemma i EØS), som erstattar forordning 714/2009/EF, blir reglane om tariffar og krav til bruk av flaskehalsinntekter vidareført og supplert av meir detaljerte metodar, Statnett – brev (2022) s. 21.

<sup>226</sup> Meld. St. 11 (2021-2022) s. 14.

<sup>227</sup> Sjø enl. § 1-5 om transmisjonsnettet si utbreiing.



I tilfelle der éin produsent er tilknytt nettet på land gjennom ein radial, blir tariffinga regulert gjennom omsetnadskonsesjonen som er nødvendig for å bli tilknytt kraftnettet på land, jf. enl. § 4-1 andre ledd nr. 4. Regelverket vil vere det same for produsentar innanfor og utanfor grunnlinja med omsyn til nettkostnader.<sup>228</sup> Produsenten vil vere økonomisk ansvarleg for nettanlegget og kundane på land vil som utgangspunkt ikkje bere investeringskostnader.<sup>229</sup>

Dersom fleire aktørar koplur seg til radialen, vil konsesjonæren dele nettkostnadane på dei ulike aktørane etter prinsippa under energilova med forskrifter.<sup>230</sup> Anleggsbidragsreduksjon ved nytteverknadar ved investeringar gjer seg hovudsakleg ikkje gjeldande i tilfelle der berre éin eller eit fåtal kundar utløyser og har behov for ei investering.<sup>231</sup> Det er følgjeleg ikkje nødvendig med ei utviding av energilova for å sikre rettsvise for aktørar som skal ta del i konkurransen knytt til utlysing av Utsira Nord og første fase av Sørlege Nordsjø II ettersom radialane blir regulert i tilknytingspunktet på land.

Dersom nettanlegget blir eit masket nett på transmisjons- eller regionalnivå, vil investeringar som oftast ha nytteverknad for fleire enn kunden som utløyser investeringane, til dømes ved å redusere flaskehalsar og fremje forsyningssikkerheit.<sup>232</sup> Ei utviding av energilova sine reglar medfører at kundane på land som hovudregel vil ta del i investeringar i havnettet når det blir utbygd eit masket nett. Kontrollforskrifta opnar for at regional- og transmisjonsanlegg som i hovudsak har som funksjon å tene kraftproduksjon, kan tariffierast separat slik at dei tilknytte kundane tek heile kostnaden.<sup>233</sup> Denne moglegheita har ikkje tidlegare vore nytta til for energinettet på land, men kan bli aktuell dersom det blir lagt til rette for utvikling av havnettet utan at kundar på land tek del i finansieringa.<sup>234</sup>

---

<sup>228</sup> RME (2022) s. 46.

<sup>229</sup> Sjå kontrollforskrifta § 16-8 og § 17-1. Delar av kostnader kan førast over på kundar på land ved for eksempel pålegg om preinvesteringar for å leggje til rette for eit masket nett dersom dette medfører nytteverknadar og redusert anleggsbidrag, sjå kapittel 5.4 og RME (2022) s. 48. Kostnader knytt til eventuell tilrettelegging i tilknytingspunktet på land kan også førast over på kundar på land dersom det medfører nytteverknadar og redusert anleggsbidrag.

<sup>230</sup> Sjå kontrollforskrifta § 16-9.

<sup>231</sup> RME (2022) s. 46.

<sup>232</sup> RME (2022) s. 49.

<sup>233</sup> Kontrollforskrifta § 17-1.

<sup>234</sup> RME (2023) s. 57.

## 5.4 Tilknytning- og investeringsplikt

Etter energilova er det ei generell tilknytnings- og investeringsplikt som pålegg alle konsesjonærar med nettanlegg å tilknytte nye anlegg både på produksjons og forbrukssida, samt gjere dei nødvendige investeringane med mindre departementet gjev unntak.<sup>235</sup>

Føremålet er å sørge for god koordinering mellom nett, produksjon og forbruk, samt få til samfunnsmessig rasjonelle investeringar i straumnettet.<sup>236</sup> For nettanlegg regulert av havenergilova, føreligg det ikkje reglar om tilknytning- og investeringsplikt. Det skal difor vurderast om reglane om tilknytning- og investeringsplikt i energilova er hensiktsmessige også for nettanlegg utanfor grunnlinja.

Den samfunnsmessige grunngevinga for tredjepartsadgang til nett gjeld som utgangspunkt universelt, uavhengig av om nettanlegga blir etablert innanfor eller utanfor grunnlinja.<sup>237</sup>

Nettverksemd eit naturleg monopol, som tilseier at netteigarar også utanfor grunnlinja bør ha ei plikt til å tilknytte tredjepartar for å effektivt utnytte eksisterande nettanlegg. Tredjepartar til havs kan vere andre produsentar eller uttakskundar som petroleumsanlegg. For første fase av Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord, har OED lagt til grunn at det vil bli behov for regelendringar som pålegg tilknytningsplikt, men at det ikkje blir lagt opp til at netteigar skal påleggjast ei investeringsplikt.<sup>238</sup>

Investeringsplikta etter energilova inneber at nettselskapet ikkje berre har plikt til å fysisk knyte kundar til nettet ved ledig kapasitet, men òg plikt til å investere i auka nettkapasitet dersom det er nødvendig for gjennomføringa av tilknytninga.<sup>239</sup> Investeringsplikta går lenger enn det som elmarknadsdirektivet pålegg medlemsstatane.<sup>240</sup> Det føreligg jamvel problemstillingar knytt til forsterking av nettanlegg til havs som i liten grad gjer seg gjeldande på land. Det vil blant vere store kostnadar knytt til å auke overføringskapasiteten på ein eksisterande undervasskabel, slik at det etter RME si vurdering vil vere meir rasjonelt å

---

<sup>235</sup> Sjø enl. § 3-4 og § 3-4a og energilovforskrifta § 3-4.

<sup>236</sup> Ot.prp. nr. 62 (2008-2009) s. 43 – 44.

<sup>237</sup> RME (2022) s. 21

<sup>238</sup> Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II vedlegg 3 (2023); Olje- og energidepartementet – Utsira Nord vedlegg 3 (2023).

<sup>239</sup> Bjerke (2013) s. 25.

<sup>240</sup> Sjø elmarknadsdirektivet artikkel 32 som pålegg å tilretteleggje for tilknytningsplikt, men ikkje investeringsplikt som i enl. §§ 3-4 og 3-4a; RME (2023) s. 47.

etablere ein ny kabel.<sup>241</sup> Ei investeringsplikt kan medføre store kostnader for havvindutbyggjarar, noko som kan seinke utbygginga, særleg i startfasen.<sup>242</sup>

I tillegg vil energinettet og etterspurnaden etter nettenester frå produksjon til havs, i stor grad vere underlagt statleg styring, ettersom staten må opne og tildele område for produksjon. Kunnskap om kapasitetsbehov på havområde gjer det meir aktuelt å sikre preinvesteringar i energinettet for å handtere seinare tilknytingar, enn å ha reglar om investeringsplikt ved seinare behov. For første fase av Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord er det lagt opp til at aktørane sjølv vel om dei skal leggje til rette for tredjepartstilgang.<sup>243</sup>

På kort sikt vil utbygging av eit nettanlegg med overskotskapasitet gi auka kostnader, men på lengre sikt vil det vere meir samfunnsmessig rasjonelt, ettersom det vil leggje til rette for meir effektiv bruk av nettanlegget, og er meir berekraftig.<sup>244</sup> I tillegg vil det på sikt medføre lågare nettkostnader dersom kostnadane blir delt mellom fleire tilknytte aktørar.<sup>245</sup> Likevel kan tilknyting av ein konkurrerande kraftprodusent redusere verdien av eigen kraftproduksjon ved at kraftprisen blir lågare ved auka tilbod. Nettselskapa sine preinvesteringar til havs blir bestemt av dei økonomiske insentiva som følj av inntektsrammereguleringa og anleggsbidrag.<sup>246</sup> Som lagt til grunn over, vil tariffinga for dei første radialane bli regulert i tilknytingspunktet på land, men ved utvikling av eit masket nett er tariffinga og kva insentiv som vil gjelde, usikkert.

Dersom det er samfunnsmessig ønskjeleg at aktørar til havs byggjer nettanlegg med overkapasitet, kan manglande insentiv løysast gjennom vilkår som blir stilt til konsesjonen. Det kan krevjast at utbyggjar byggjer ut nettanlegget med stor nok overkapasitet til å tilknytte produksjonsanlegg som er planlagt i same område. Dersom det blir stilt slike vilkår, bør det kome fram tidleg i utlysingsfasen for å sikre økonomisk føreseielegheit hos aktørane som deltek i konkurranse om utlyste areal.

Den tilsikta reguleringa til havs med ei tilknytingsplikt, men ikkje ei investeringsplikt som følgje av dei store investeringskostnadane, minner om regelverket om tredjepartsadgang etter

---

<sup>241</sup> RME (2022) s. 23.

<sup>242</sup> Fordeling av kostnadane blir regulert av reglane om anleggsbidrag i kontrollforskrifta.

<sup>243</sup> Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II vedlegg 3 (2023); Olje- og energidepartementet – Utsira Nord vedlegg 3 (2023).

<sup>244</sup> Sjø RME (2022) s. 23 – 24.

<sup>245</sup> RME (2022) s. 22.

<sup>246</sup> Anleggsbidrag kan påleggjast kunde tilknytt 10 år fram i tid, jf. kontrollforskrifta §§ 16-8 og 16-9.

petroleumslova § 4-8 og forskrift 20. november 2005 nr. 1625 om andres bruk av innretninger. Petroleumsregimet stiller ikkje krav om investeringsplikt dersom det ikkje er ledig kapasitet. Oppgåva avgrensar mot ei nærare vurdering av petroleumsregime, men det kan vere aktuelt å vurdere eit tilsvarande forskriftsverk for tredjepartsadgang til havs. Dersom ein utvidar energilova og let nettreguleringane i denne lova vere styrande til havs, kan eit slikt forskriftsverket vere aktuelt å gjere gjeldande under energilova med tilpassingar.

## 5.5 Marknadsadgang

Energilova med forskrifter har reglar for marknadsadgang som er i tråd med våre EØS-rettslege plikter. For radialar med éin brukar, vil kraftproduksjonen frå havvind målast og reknast i tilknytingspunktet på land.<sup>247</sup> Brukaren må ha omsetnadskonsesjon etter energilova § 4-1 og krafta kan omsettast på lik linje som annan kraftproduksjon med tilknytingspunkt innanfor energilova.<sup>248</sup>

I tilfelle der fleire aktørar blir tilknytt ein felles radial til land, eksisterer det ikkje per i dag eit marknadsregelverk utanfor grunnlinja som mogleggjer marknadsadgang på individuell basis for dei enkelte konsesjonærane.<sup>249</sup> Konsesjonærane må i eit slikt tilfelle samordne seg via ein felles omsetnadskonsesjonær for å kunne omsette krafta si.<sup>250</sup> Ei slik løysing vil vere konkurranserettsleg uheldig.

For å sikre ein samfunnsmessig rasjonell omsetnad av energien som blir produsert til havs, må tilsvarande marknadsreglar som på land gjerast gjeldande til havs. Hovudvekta av føresegna om marknadsregulering er regulert av EØS-relevant regelverk som er gjennomført under energilova.<sup>251</sup> Det har over tid blitt utvikla felles standarar, prosedyrar og marknadsløysingar mellom systemoperatørane i Norden og Europa som er støtta av felles reglar og avtalar.<sup>252</sup> Det skjer stadig endringar i kraftsystemet i Norden og Europa og det vil vere viktig å halde tritt med utviklinga i tida framover gjennom ei felles tilnærming. Dersom ein utvidar verkeområdet til energilova, vil det sikre ei konsis regulering mellom havnettet og kraftnettet

---

<sup>247</sup> RME (2022) s. 34.

<sup>248</sup> RME (2022) s. 34.

<sup>249</sup> RME (2022) s. 34.

<sup>250</sup> RME (2022) s. 34.

<sup>251</sup> Dette gjeld blant anna Kommissjonsforordning (EU) 2015/1222, Kommissjonsforordning (EU) 2017/2195, Kommissjonsforordning (EU) 2017/1485.

<sup>252</sup> RME (2023) s. 19.

på land, som legg til rette for effektiv innlemming av den produserte havvindenergien i kraftsystemet. I tillegg vil regelverket til havs samsvare med Noreg sine EØS-rettslege plikter, og gjere det enklare for ei felleseuropeisk utvikling av eit sameint havnett.<sup>253</sup>

---

<sup>253</sup> Sjå meir om marknadsadgang i RME (2023) s. 18 – 20.

# 6 Kan energilova regulere nettanlegg utanfor grunnlinja?

## 6.1 Utviding av energilova manglar heimel

Utover konsesjonskrava, er nasjonal regulering av nettanlegg utanfor grunnlinja fråverande. EØS-avtala oppstiller plikter for EU EØS-landa utanfor territorialfarvatnet, medan EFTA EØS-landa sine EØS-plikter til havs er omstridde. Noreg er folkerettsleg plikta til å følgje dei rammer som følg av EØS-avtala, i det minste ut territorialfarvatnet, jf. EØS-avtala artikkel 126.

Energilova gjeld berre fram til grunnlinjene og ikkje på norsk sjøterritorium.<sup>254</sup> Utanfor grunnlinjene vil leidningsført elektrisk energi regulast av havenergilova.<sup>255</sup> Havenergilova kan få utvida verkeområde og gjerast gjeldande innanfor grunnlinja, jf. havenl. § 1-2 femte og sjuande ledd. Tilsvarande kan departementet avgrense bruken av enkelte føresegn i energilova.<sup>256</sup> Det er ikkje heimel for å utvide verkeområdet til energilova.

Dersom det skal bli aktuelt å utvide føresegn i energilova krevst det ei lovendring som opnar for dette. Ei utviding vil kunne føre til overlapp med havenergilova sine føresegn, som kan løysast ved å avgrense bruken av heile eller delar av havenergilova etter havenl. § 1-2 sjette ledd. I det følgjande skal det i lys av oppgåva sine funn, vurderast om ei lovendring for å gje heimel til utviding av energilova sitt verkeområde er mogleg og tenleg.

## 6.2 EØS-retten som skranke for utviding

Norske styresmakter står fast ved at EØS-avtala sitt geografiske verkeområde er innanfor sjøterritoriet. Etersom EU-forordningar om energi er implementert i norsk rett gjennom endringar i energilova og forskrifter, vil ei utviding av energilova sitt verkeområde medføre at EØS-retten får formell verknad utover territorialfarvatnet.<sup>257</sup> Sjølv om Noreg kan velje å gje EØS-rettsakter større verkeområde enn plikta, vil ei slik omfattande utviding medføre at det

---

<sup>254</sup> Jf. enl. § 1-1 andre ledd.

<sup>255</sup> Jf. havenl. § 1-2 andre ledd.

<sup>256</sup> Enl. § 1-1 tredje ledd.

<sup>257</sup> Sjå Prop. 199 LS (2020-2021).

vil vere vanskeleg for den norske stat å stå fast ved at EØS-avtala ikkje gjeld på kontinentalsokkelen og den økonomiske sone.

Det er rettspolitisk vanskeleg å akseptere at norsk energiproduksjon til havs skal vere unnateke EØS-rettsleg regulering, medan energiproduksjon på kontinentalsokkelen til andre EU EØS-land er omfatta.<sup>258</sup> Behovet for å ha særnorske reglar for nettanlegg utanfor grunnlinja framstår enda mindre. Slik regelverket er utforma i dag er utanlandskablar og radialar innanfor grunnlinja underlagt rammeverket i EØS-avtala. Transport av elektrisk kraft til marknader i EU gjennom utanlandskablar er òg underlagt EØS-avtala.<sup>259</sup> Radialar utanfor grunnlinja kan norske mynde regulere "fritt", i tråd med tilknytingslæra i Scanteam-saka. Oppgåva har illustrert at det er nødvendig med eit einskapleg regelverk for å effektivt byggje ut havnettet. Det EØS-rettslege regelverket legg opp til eit tett samarbeid mellom landa og Noreg kan falle bakpå utviklinga dersom me står utanfor.

Inntil spørsmålet om korleis "territorium" i EØS-avtala artikkel 126 blir avklart av Høgsterett eller EFTA-domstolen, er utgangspunktet at norske styresmakter kan regulere aktivitetar utanfor territorialfarvatnet uavhengig av EØS-rettslege plikter. Norske styresmakter sitt standpunkt talar sterkt imot å utvide energilova sitt verkeområde. Det er derimot ikkje urimeleg at energilova bør kunne gjerast gjeldande innanfor territorialfarvatnet for å overhalde EØS-rettslege plikter.

### **6.3 Er det tenleg å utvide konsesjonskrava for nettanlegg etter energilova?**

Kapittel 3 viser at dei prosessuelle krava for konsesjon for nettanlegg etter havenergilova og energilova er tilnærma like. Det kan difor stillast spørsmål ved hensiktsmessigheita av at den same kabeltraseen blir regulert av ulike regelverk innanfor og utanfor grunnlinja.

For det første vil eit fragmentert regelverk gjere konsesjonsprosessen meir tidkrevjande og tungvindt, både for utbyggjar og styresmakter. Ein fragmentert prosess medfører meir arbeid for styresmakter som må behandle to søknadar, i tillegg til å føre tilsyn med at båe regelverk samsvarar med EØS-plikter. Det kan difor argumenterast for at det er mest tenleg å operere

---

<sup>258</sup> Sjå kapittel 4.4.

<sup>259</sup> Jf. forordning 714/2009/EF.

med eitt regelverk for konsesjonsprosessen for heile kabeltraseen. Ettersom energilova har eit meir detaljert forskriftsverk om konsekvensutgreiing, samt regulerer nettverksemd, vil det skape ei meir sameint nettregulering dersom energilova regulerer heile kabeltraseen.

Gjennomgangen av praksis i kapittel 3.4 viser at anten OED eller NVE handsamar konsesjonssøknad for heile kabeltraseen og konsekvensutgreiingskrava samla. Dette skjer trass i at tiltaket blir regulert av to ulike lover som legg opp til at den same kabeltraseen frå tilknytingspunktet på land og til produksjonsanlegget utanfor grunnlinja, krev to konsesjonssøknadar som skal handsamast av to ulike styresmakter. Styresmaktene sin praksis illustrerer at det i realiteten ikkje er eit skilje mellom dei overordna føremåla til havenergilova og energilova, som er styrande for konsesjonshandsaminga.<sup>260</sup>

Skjønnet som blir gjeve til dei to ulike myndene medfører jamvel at søknadar blir behandla ulikt, og det blir gjeve ulike vilkår.<sup>261</sup> Det burde difor sikrast gjennom lov at den same mynda handsamar nødvendige løyve for heile kabeltraseen i tråd med one-stop-shop-prinsippet.

Å samle konsesjonskrava for nettanlegg frå eit tilknytingspunkt på land til eit produksjonsanlegg utanfor grunnlinja i éi lov, gjer regelverket meir oversiktleg og lettare for aktørane å halde seg til. Det skapar betre rettsvisse og ein meir straumlinjeforma prosess, samanlikna med at aktørar må ta i betraktning to ulike regelverk og fullføre to søknadsprosessar som risikerer å bli behandla av to ulike styresmakter.

Det kan òg tenkjast motsett løysing der havenergilova sine konsesjonsreglar får utvida verkeområde innanfor grunnlinja. Det vil vere høve til dette gjennom forskriftskompetansen til Kongen etter havenl. § 1-2 femte ledd. Då vil handsaminga av produksjonsanlegg og nettanlegg bli samla i same lov. Det som talar mot ei slik løysing som allereie er heimel til, er at havenergilova ikkje har eit etablert regelverk for regulering av nettverksemd slik som energilova. Ettersom konsesjonskravet for nettanlegg er ein sentral del av direktereguleringa av nettverksemd, vil det vere lite hensiktsmessig at sjølve konsesjonsprosessen blir regulert i ei anna lov enn dei resterande nettreguleringane.

Ei løysing er å slå fast i energilova § 1-2 at enkelte føresegn kan utvidast gjennom forskrift eller i enkeltvis høve, til å gjelde i jurisdiksjonsområder oppretta i medhald av den

---

<sup>260</sup> Sjå kapittel 2.1 og 3.4.

<sup>261</sup> Sjå Havsul I – OED klagevedtak (2021).



økonomiske sonelova.<sup>262</sup> Konesjonsprosessen for nettanlegg etter enl. § 3-1 kan då utvidast slik at den omfattar heile nettanlegget. Tilsvarende kan havenl. § 3-2 avgrensast i medhald av havenl. § 1-2 sjetle ledd.

## 6.4 Behovet for einskapleg regulering av energinettet

Regelverket for nettverksemd under energilova er svært detaljert og kan ikkje handsamast fullstendig i oppgåva. Gjennomgangen i kapittel 5 viser at store delar av reguleringa under energilova er eigna til å regulere etablering og drift av energinett utover grunnlinja. Jamvel kan investeringsplikta til havs vere hensiktsmessig å regulere annleis enn på land.<sup>263</sup> Dette kan løysast gjennom tilpassing i energilova og eigne forskrifter for tilknytingsplikt til havs, med inspirasjon frå petroleumsregimet. Sentralt for gjennomgangen er at det er tenleg med nettreglar på land og til havs som er så sameinte som mogleg og samsvarar med EØS-rettslege plikter.

I første fase vil aktørane til havs vere tilkopla kraftnettet på land gjennom eigne radialar, og det er ikkje behov for omfattande regulatoriske verkemidlar, ettersom produsentane i stor grad vil regulerast i tilknytingspunktet på land etter energilova.<sup>264</sup> Det må jamvel sikrast at systemansvarleg har heimlar og verkemidlar for å føre tilsyn.<sup>265</sup> I tillegg må det sikrast vilkår som varetek eventuelle tredjepartar som blir tilknytt nettanlegget og vilkår dersom nettanlegget må avhendast til Statnett som følgje av omklassifisering.<sup>266</sup>

Når fleire brukarar blir tilknytt nettanlegget utanfor grunnlinja, blir det nødvendig å regulere marknadsadgangen. For å sikre at brukarane møter nøytrale og ikkje-diskriminerande vilkår, bør netteigar følgje dei same tariffingsprinsippa som gjeld på land.<sup>267</sup> Dersom nettanlegget blir klassifisert som transmisjonsnett, må TSO som nøytral aktør sikrast dei nødvendige heimlane.<sup>268</sup> Energilova sine tariffingsreglar kan leggjast til grunn, men det må undersøkjast om ein kan avvike frå utgangspunktet om ein anleggbidragsreduksjon på 0,5 prosent i

---

<sup>262</sup> Lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone.

<sup>263</sup> Sjå kapittel 5.4.

<sup>264</sup> RME (2022) s. 7.

<sup>265</sup> RME (2022) s. 7.

<sup>266</sup> RME (2022) s. 7.

<sup>267</sup> RME (2022) s. 8.

<sup>268</sup> RME (2022) s. 8.

transmisjonsnett for å hindre at kundar på land dekker delar av kostnadane for nettutviklinga til havs.<sup>269</sup>

Mangelen på marknadsreglar og nettregulering medfører at aktørane ikkje kan vere sikre på kostnadar for produksjon og drift ved deltaking i konkurransar. Før konsesjonsprosessen startar bør regelverket knytt til nettregulering til havs vere avklart for å sikre eit føreseieleg regelverk for havvindaktørane.

## 6.5 Avsluttande betraktningar

Ved innlevering av denne masteren har havområde for første gong blitt opna for konkurranse.<sup>270</sup> Noreg går dermed inn i neste fase i havvindutviklinga kor departementet må behandle søknadar prekvalifisering og tildeling av areal. Det er per 10. mai 2023 ikkje avklart korleis energinettet til havs skal regulerast utover at dei første produksjonsanlegga i dei utlyste områda skal koplant til kraftnettet på land gjennom radialar.<sup>271</sup>

Sjølv om ei utviding av energilova sitt verkeområde ikkje er særleg aktuelt før ei eventuell avklaring frå EFTA-domstolen eller Høgsterett om EØS-avtala sitt geografiske verkeområde, viser oppgåva at det er mange gode grunnar til å vurdere ei utviding. Det kan jamvel merkast at energilova frå 1990 er noko utdatert i forhold til den store mengde nettregulering som kjem frå EU og skal sikre kraftutveksling over landegrensar.<sup>272</sup> I dag er EØS-regulering gjennomført gjennom forskrifter til energilova med tilvising til dei aktuelle EU-rettsaktene som inneheld omfattande og detaljerte reguleringar. Det føreligg inkorporerte forordningar som kan hevdast å vere vanskeleg å forene med andre forskrifter under energilova.<sup>273</sup> Dette skapar eit lite tilgjengeleg og uoversiktleg regelverk, noko som er eit argument mot å utvide energilova sitt verkeområdet.

På den andre sida er det mest hensiktsmessig med eit sameint regelverk på land og til havs. Dersom det blir aktuelt å endre energilova i framtida, i tråd med det aukande regelverket frå EU, er det meir effektivt å endre eit felles regelverk for energinettet på land og til havs,

---

<sup>269</sup> Sjø RME (2023) s. 66 – 68.

<sup>270</sup> Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II (2023); Olje og energidepartementet – Utsira Nord (2023).

<sup>271</sup> Olje- og energidepartementet – Sørlege Nordsjø II vedlegg 3 (2023); Olje og energidepartementet – Utsira Nord vedlegg 3 (2023).

<sup>272</sup> Sjø Bjørnebye (2019).

<sup>273</sup> Bjørnebye (2019) s. 21 – 24.

samanlikna med eit fragmentert regelverk. Ein heimel for å kunne utvide energilova sine føresegn utover grunnlinja, i territorialfarvatnet og på kontinentalsokkelen og den økonomiske sone, vil sikre betre rettsvisse for aktørar samanlikna med den manglande reguleringa i dag, og samstundes gjere kraftutveksling enklare gjennom eit EU-kompatibelt regelverk.

# Kjeldeliste

## Nasjonale rettskilder

### Norske lover

- 1976 Lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone (økonomiske soneloven).
- 1990 Lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m (energiloven).
- 1992 Lov 21. november 1992 nr. 109 om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) m.v. (EØS-loven)
- 1996 Lov 29. november 1996 nr. 72 om petroleumsvirksomhet (petroleumsloven).
- 2003 Lov 27. juni 2003 nr. 57 om Norges territorialfarvann og tilstøtende sone (territorialfarvannsloven).
- 2008 Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).
- 2010 Lov 4. juni 2010 nr. 21 om fornybar energiproduksjon til havs (havenergiloven).
- 2017 Lov 16.juni 2017 nr.60 om klima (klimaloven).
- 2018 Lov av 25 mai 2018 nr. 21 om endringer i energiloven (tredje energimarkedspakke).

### Forskrifter

- 1990 Forskrift 7. desember 1990 nr. 959 om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energilovforskrifta).
- 1999 Forskrift 11. mars 1999 nr. 302 om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffer (kontrollforskrifta).

2002	Forskrift 7. mai 2002 nr. 448 om systemansvaret i kraftsystemet (systemansvarsforskrifta).
2005	Forskrift 20. november 2005 nr. 1625 om andres bruk av innretninger.
2006	Forskrift 20. desember 2006 nr. 1563 om vilkår for tilgang til nett for utveksling av elektrisk kraft over landegrensene.
2017	Forskrift 21. juni 2017 nr. 854 om konsekvensutredninger (konsekvensutredningsforskrifta).
2018	Forskrift 1. august 2018 nr. 1413 om netregulering og energimarkedet (NEM-forskrifta).
2019	Forskrift 31. oktober 2019 nr. 1455 om delegering av myndighet etter energiloven til Norges vassdrags- og energidirektorat (Deleg. av myndighet etter energiloven til NVE).
2020	Forskrift 28. februar 2020 nr. 198 delegering av Kongens myndighet etter havenergilova til Olje- og energidepartementet (Deleg. av myndighet til OED etter havenergilova).
2021	Forskrift 12.06.2021 nr. 1192 til havenergilova (havenergilovforskrifta).

### **Lovførearbeid og andre offentlige dokument**

Innst. 176 L (2009-2010)	Innst. 176 L (2009-2010) <i>Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om lov om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova).</i>
Innst. 81 L (2022-2023)	Innst. 81 L (2022-2023) <i>Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om Endringar i havenergilova (utlysing og tildeling av areal).</i>
St.meld. 5 (2012-2013)	St.meld. 5 (2012-2013) <i>EØS-avtalen og Norges øvrige avtaler med EU.</i>
Meld. St. 20 (2019-2020)	Meld. St. 20 (2019-2020): <i>Helhetlige forvaltningsplaner for de norske havområdene — Barentshavet og havområdene utenfor Lofoten, Norskehavet, og Nordsjøen og Skagerrak.</i>
Meld. St. 36 (2020-2021)	Meld. St. 36 (2020-2021): <i>Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiressurser.</i>

Meld. St. 11 (2021-2022)	Meld. St. 11 (2021-2022): <i>Tilleggsmelding til Meld. St. 36 (2020–2021) Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser.</i>
NOU 2022: 6	NOU 2022: 6 <i>Nett i tide – om utvikling av strømmettet.</i>
NOU 2023: 3	NOU 2023: 3 <i>Mer av alt – raskere — Energikommisjonens rapport.</i>
Olje- og energidepartementet (2017)	Olje- og energidepartementet. "Infrastrukturforordningen." EØS-notat 08. mai 2017. <a href="https://www.regjeringen.no/no/sub/eos-notatbasen/notatene/2011/okt/infrastrukturforordningen/id2433906/">https://www.regjeringen.no/no/sub/eos-notatbasen/notatene/2011/okt/infrastrukturforordningen/id2433906/</a> . Lest 02.03.2023
Olje- og energidepartementet (2020)	Olje- og energidepartementet . "Høring av vedtatt EU-regelverk for elektrisitetsmarkedet (Ren energi-pakken)." 09. juni 2020. <a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-vedtatt-eu-regelverk-for-elektrisitetsmarkedet-ren-energi-pakken/id2705565/?expand=horingsbrev">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-vedtatt-eu-regelverk-for-elektrisitetsmarkedet-ren-energi-pakken/id2705565/?expand=horingsbrev</a> Lest 26.03.2023.
Olje- og energidepartementet (2021)	Olje- og energidepartementet. "Høring - Veileder for arealtildeling, konsesjonsprosess og søknader for vindkraft til havs, og forslag til endringer i havenergilova og havenergilovforskrifta." Juni 2021. <a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/5a7268e3397b4f4ea6eb4fa84897808e/hoyringsnotat-til-lov-og-forskriftsendringer-11244323.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/5a7268e3397b4f4ea6eb4fa84897808e/hoyringsnotat-til-lov-og-forskriftsendringer-11244323.pdf</a> Lest 02.03.2023.
Olje- og energidepartementet – Høringsnotat (2023)	Olje- og energidepartementet. "Høringsnotat – Forslag til endringer i energiloven og plan- og bygningsloven." 13. januar 2023. <a href="https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-vindkraft-land/id2958919/?expand=horingsnotater">https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-vindkraft-land/id2958919/?expand=horingsnotater</a> Lest 02.03.2023.
Olje- og energidepartementet – Handlingsplan (2023)	Olje- og energidepartementet. "Regjeringens handlingsplan for raskere nettutbygging og bedre utnyttelse av nettet". 19. april 2023. <a href="https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/oed/ingrid/regjeringens-handlingsplan-for-raskere-nettutbygging-og-bedre-utnyttelse-av-nettet.pdf">https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/oed/ingrid/regjeringens-handlingsplan-for-raskere-nettutbygging-og-bedre-utnyttelse-av-nettet.pdf</a> Lest 25.04.2023.

Olje- og energidepartementet – Sørlike Nordsjø II (2023)	Olje- og energidepartementet. "Utlysning av konkurranse om et prosjektområde i Sørlike Nordsjø II til fornybar energiproduksjon til havs". April 2023. <a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/bd4d260de2c242beb661494550b8d7a3/utlysningsdokument-forste-fase-av-sorlike-nordsjo-ii.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/bd4d260de2c242beb661494550b8d7a3/utlysningsdokument-forste-fase-av-sorlike-nordsjo-ii.pdf</a> Lest 28.04.2023.
Olje- og energidepartementet – Sørlike Nordsjø II vedlegg 3 (2023)	Olje- og energidepartementet. "Prosjektområde, nettilknytning og regulatoriske forhold for første fase av Sørlike Nordsjø II." April 2023. <a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/bd4d260de2c242beb661494550b8d7a3/vedlegg-3-prosjektområdet-nettilknytning-og-regulatoriske-forhold-for-forste-fase-av-sorlike-nordsjo-ii.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/bd4d260de2c242beb661494550b8d7a3/vedlegg-3-prosjektområdet-nettilknytning-og-regulatoriske-forhold-for-forste-fase-av-sorlike-nordsjo-ii.pdf</a> Lest 28.04.2023.
Olje og energidepartementet – Utsira Nord (2023)	Olje- og energidepartementet. "Utlysning av konkurranse om prosjektområder i Utsira Nord til fornybar energiproduksjon til havs." April 2023. <a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/94b9f178d05849a1a5852ce129693f27/utlysningsdokument-utsira-nord.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/94b9f178d05849a1a5852ce129693f27/utlysningsdokument-utsira-nord.pdf</a> Lest 25.04.2023.
Olje og energidepartementet – Utsira Nord vedlegg 3 (2023)	Olje- og energidepartementet. "Prosjektområder, nettforhold og regulatoriske forhold for Utsira Nord." April 2023. <a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/94b9f178d05849a1a5852ce129693f27/vedlegg-3-prosjektomrader-nettforhold-og-regulatoriske-forhold-for-utsira-nord.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/94b9f178d05849a1a5852ce129693f27/vedlegg-3-prosjektomrader-nettforhold-og-regulatoriske-forhold-for-utsira-nord.pdf</a> Lest 28.04.2023.
Kgl. res. av 12. juni 2020 (a)	Olje- og energidepartementet, <i>Kongeleg resolusjon om fastsetjing av forskrift til havenergilova.</i>
Ot.prp. nr. 43 (1989-1990)	Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) <i>Om lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (Energiloven).</i>
Ot.prp. nr. 99 (2005-2006)	Ot.prp. nr. 99 (2005-2006) <i>Om lov om endring i lov 17. juni 1966 nr. 19 om forbud mot at utlendinger driver fiske m.v. i Norges territorialfarvann.</i>
Ot.prp. nr. 62 (2008-2009)	Ot.prp. nr. 62 (2008–2009) <i>Om lov om endringer i energiloven.</i>
Ot.prp. nr. 107 (2008-2009)	Ot.prp. nr. 107 (2008-2009) <i>Om lov om fornybar energiproduksjon til havs (havenergilova).</i>
Prop. 35 L (2015-2016)	Prop. 35 L (2015-2016) <i>Endringer i energiloven (skille mellom nettvirksomhet og annen virksomhet mv.).</i>

Prop. 5 L (2017–2018)	Prop. 5 L (2017–2018) <i>Endringer i energiloven (tredje energimarkedspakke).</i>
Prop. 199 LS (2020-2021)	Prop. 199 LS (2020-2021) <i>Endringer i energiloven (fire forordninger om kraftmarkedet) og samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutninger nr. 204/2020 om innlemmelse i EØS-avtalen av kommisjonsforordning (EU) 2015/1222 om fastsettelse av retningslinjer for kapasitetstildeling og flaskehalshåndtering, nr. 205/2020 om innlemmelse i EØS-avtalen av kommisjonsforordning (EU) 2016/1719 om fastsettelse av retningslinjer for langsiktig kapasitetsfastsettelse, nr. 206/2020 om innlemmelse i EØS-avtalen av kommisjonsforordning (EU) 2017/1485 om fastsettelse av retningslinjer for drift av transmisjonsnett for elektrisk kraft, og nr. 207/2020 om innlemmelse i EØS-avtalen av kommisjonsforordning (EU) 2017/2195 om fastsettelse av retningslinjer for balansering av kraftsystemet.</i>
Prop. 160 L (2020-2021)	Prop. 160 L (2020–2021) <i>Endringer i energiloven (konsesjon for utenlandsforbindelser).</i>

## **Forvaltningspraksis**

Equinor – bakgrunn for innstilling (u.å.)	NVE. "Bakgrunn for innstilling; Kraft fra land til Troll B og C, Oseberg feltcenter og Oseberg Sør." U.å. <a href="https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201906411/3124408">https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201906411/3124408</a> Lest 27.02.2023.
Equinor – innstilling (2020)	NVE. "NVEs innstilling til Equinors søknad om kraft frå land til Troll B og C, Oseberg Sør og Oseberg Feltcenter." 08. april 2020. <a href="https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201906411/3124395">https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201906411/3124395</a> Lest 23.03.2023.
Equinor – vurdering av konsesjonssøknad (2021)	Olje- og energidepartementet. "Equinor – Kraft fra land til Troll B og C, Oseberg Feltcenter og Oseberg Sør." 26. mars 2021. <a href="https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/a6aa0037-3397-4eb5-b73d-efc1fd67a9cd/201906411/3422492">https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/a6aa0037-3397-4eb5-b73d-efc1fd67a9cd/201906411/3422492</a> Lest 27.02.2023.
Equinor – anleggskonsesjon (2021)	Olje- og energidepartementet. "Anleggskonsesjon." 26. mars 2021. <a href="https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/ea3e218f-b9be-494b-a47c-90335ef7a533/201906411/3422491">https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/ea3e218f-b9be-494b-a47c-90335ef7a533/201906411/3422491</a> Lest 23.03.2023.
Havsul I – vedtak	NVE. "Anleggskonsesjon." Juni 2008. <a href="https://webfileservice.nve.no/API/">https://webfileservice.nve.no/API/</a>



- (2008) [PublishedFiles/Download/200704080/121203](#) Lest 24.02.2023.
- Havsul I – bakgrunn for vedtak (2008) NVE. "Bakgrunn for vedtak." 24. juni 2008.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200704080/121202> Lest 24.02.2023.
- Havsul I – klagevedtak (2009) Olje- og energidepartementet. "Havsul I – klager på konsesjonsvedtak." 10. september 2009. <https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200704080/234745> Lest 24.02.2023.
- Havsul I – vedtak (2012) NVE. "Havsul I offshore vindkraftanlegg. Utsatt frist for fullføring og forskyving av konsesjonsperioden." 12. mars 2012.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200704080/528460> Lest 24.02.2023.
- Havsul I – vedtak (2020) NVE. "Vedtak om utsatt frist for idriftsettelse for Havsul I." 27.03.2020.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200704080/3110247> Lest 24.02.2023.
- Havsul I – klagevedtak (2021) Olje- og energidepartementet. "Havsul I vindkraftverk – klage på NVEs vedtak om utsatt frist for idriftsettelse – vedtak." 26. mars 2021  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/138342c6-21e4-4ebe-8edd-a124e5116660/200704080/3423834> Lest 24.02.2023.
- Idunn (2008) NVE. "Idunn (offshore utenfor grunnlinjen)." April 2008.  
<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?type=A-6&id=131> Lest 24.02.2023.
- MET Karmøy – anleggskonsesjon demonstrasjonsanlegg (2022) NVE. "Anleggskonsesjon." 20. september 2022.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/c9db7271-b76c-459d-8e34-38918b3673a1/201101285/3429139> Lest 07.03.2023.
- MET Karmøy – anleggskonsesjon nettilknytning (2022) NVE. "Anleggskonsesjon." 20. september 2022.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/f87b6c8e-cdb8-4c28-8e1a-3dc52a767536/201101285/3429860> Lest 07.03.2023.

- MET Karmøy – vedtak (2021) OED. "Marin Energi Testsenter AS - Søknad om utvidelse av demonstrasjonsanlegg for flytende vindturbiner - unntak fra åpning av areal." 26. april 2021.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/d5afd702-d7f4-48a8-a682-7e7254c1568a/201101285/3424112> Lest 07.03.2023.
- Siragrunnen – (2015) NVE. "Bakgrunn for vedtak, Siragrunnn vindkraftverk med nettilknytning." 13. oktober 2015.  
<https://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/200708652/1307377> Lest 23.03.2023.
- Serene Onshoren (2020) NVE. "NVE tar ikkje melding om ny kraftoverføring mellom Samnanger transformatorstasjon og Norsk sokkel til behandling." Brev til BKK Enotek AS, 8. april 2020.
- Sørlige Nordsjøen (2008) NVE. "Sørlige Nordsjøen (offshore utenfor grunnlinjen)." Februar 2008.  
<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?type=A-6&id=145> Lest 24.02.2023.
- Ægir (2008) NVE. "Ægir (offshore utenfor grunnlinjen)." November 2008.  
<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=171&type=A-6> . Lest 24.02.2023.

### **Utanlandske lover**

- 2018 (Danmark) Lov om fremme af vedvarende energi jf. Lovbekendtgørelse nr. 1194 af 28 september 2018 Publisert i Lovtiende A 22 Januar 2019 (VE-loven).

### **Internasjonale rettskilder**

#### **Traktatar**

- TEUV *Treaty on the Functioning of the European Union*. Roma 25. Mars 1957.
- TEU *Treaty on the European Union*, Lisboa 13. Desember 2007.
- Havrettskonvensjonen *United Nations Convention on the Law of the Sea*, Montego Bay 10. desember 1982.
- EØS-avtala *Avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde med tilhørende protokoller*, Oporto 2. mai 1992.

## Direktiv og forordningar

Direktiv 2001/42/EF	Directive 2001/42/EC of the European Parliament and of the Council of 27 June 2001 on the assessment of the effects of certain plans and programmes on the environment (plandirektivet).
Direktiv 2009/72/EF	Directive 2009/72/EC of the European Parliament and of the Council of 13 July 2009 concerning common rules for the internal market in electricity and repealing Directive 2003/54/EC (Tredje el-marknadsdirektiv) (Ikkje i kraft, erstatta av Direktiv 2019/944 EU).
Direktiv 2011/92/EU	Directive 2011/92/EU of the European Parliament and of the Council of 13 December 2011 on the assessment of the effects of certain public and private projects on the environment (tiltaksdirektivet).
Direktiv 2014/52/EU	Directive 2014/52/EU of the European Parliament and of the Council of 16 April 2014 amending Directive 2011/92/EU on the assessment of the effects of certain public and private projects on the environment.
Direktiv 2018/2001/EU	Directive (EU) 2018/2001 of the European Parliament and of the Council of 11 December 2018 on the promotion of the use of energy from renewable sources (recast).
Direktiv 2019/944/EU	Directive (EU) 2019/944 of the European Parliament and of the Council of 5 June 2019 on common rules for the internal market for electricity and amending Directive 2012/27/EU (recast).
Forordning 714/2009/EF	Regulation (EC) No 714/2009 of the European Parliament and of the Council of 13 July 2009 on conditions for access to the network for cross-border exchanges in electricity and repealing Regulation (EC) No 1228/2003 (Ikkje i kraft, erstatta av forordning 2019/943 EU).
Kommisjonsforordning (EU) 2015/1222	Commission Regulation (EU) 2015/1222 of 24 July 2015 establishing a guideline on capacity allocation and congestion management (CACM).
Kommisjonsforordning (EU) 2017/2195	Commission Regulation (EU) 2017/2195 of 23 November 2017 establishing a guideline on electricity balancing (EBGL).
Kommisjonsforordning (EU) 2017/1485	Commission Regulation (EU) 2017/1485 of 2 August 2017 establishing a

guideline on electricity transmission system operation (SOGL).

Forordning  
2019/943/EU

Regulation (EU) 2019/943 of the European Parliament and of the Council of 5 June 2019 on the internal market for electricity (recast).

Forordning  
2022/869/EU

Regulation (EU) 2022/869 of the European Parliament and of the Council of 30 May 2022 on guidelines for trans-European energy infrastructure, amending Regulations (EC) No 715/2009, (EU) 2019/942 and (EU) 2019/943 and Directives 2009/73/EC and (EU) 2019/944, and repealing Regulation (EU) No 347/2013.

### Rettspraksis

E-8/19 Scanteam

Sak E-8/19 Scanteam AS mot Den norske stat v/Utenriksdepartementet. 16. Juli 2020.

C-214/94 Boukhalfa

Judgment of the Court of 30 April 1996, Case C-214/94 Boukhalfa. ECLI:EU:C:1996:174.

C-37/00 Weber

Judgment of the Court 27 February 2002 [Sixth Chamber] Case C/37-00 Weber. ECLI:EU:C:2002:122.

C-06/04 Habitats

Judgment of the Court 20 October 2005 [Second Chamber] C-6/04 Habitats. ECLI:EU:C:2005:626.

C-347/10 Salemink

Judgment of the Court [Grand Chamber], 17 January 2012 C-347/10 Salemink. ECLI:EU:C:2012:17.

### Uttalar frå Kommisjonen og Rådet

COM/2020/741

Communication from the Commission to the European Parliament, the Council, the European Economic and Social Committee and the committee of the regions an EU strategy to harness the potential of offshore renewable energy for a climate neutral future.

European Commission  
(2019)

European Commission, Directorate-General for Energy. *Clean energy for all Europeans*, Luxembourg: Publications Office, 2019. <https://data.europa.eu/doi/10.2833/9937> Lest 20.02.2023.

European Commission

European Commission. *Member States agree new ambition for expanding*

(2023) *offshore renewable energy*. 19.01.2023.  
<https://energy.ec.europa.eu/news/member-states-agree-new-ambition-expanding-offshore-renewable-energy-2023-01-19> Lest 03.02.2023.

SWD/2022/0149 final Commission staff working document, *Guidance to Member States on good practices to speed up permit-granting procedures for renewable energy projects and on facilitating Power Purchase Agreements*. 18.05.2022  
<https://eur-lex.europa.eu/legal-content/EN/TXT/?uri=CELEX%3A52022SC0149> Lest 24.04.2023.

## **Litteratur**

Andersen (1995) Andersen, Per Conradi og Per Håkon Høisveen. *Energiloven med forskrifter og kommentarer*. Oslo: 1995.

Bjerke (2013) Bjerke, Line Ramm. *Energiloven § 3-4: Nettilknytning og koordinering i kraftsektoren*. Oslo: MarIus nr. 422, Sjørettsfondet, 2013.

Bjørnebye (2019) Bjørnebye, Henrik. "Juridiske spørsmål ved gjennomføring av EUs retningslinjer for kraftsektoren i norsk rett." Nordisk institutt for sjørett, Universitetet i Oslo (2019). [https://www.fornybarnorge.no/contentassets/39bbd778aba643c8844167469789871b/betenkning-eu-retningslinjer-171219\\_e.pdf](https://www.fornybarnorge.no/contentassets/39bbd778aba643c8844167469789871b/betenkning-eu-retningslinjer-171219_e.pdf) Lest 10.04.2023.

Bjørnebye (2021) Bjørnebye, Henrik. "EU-energirettens rolle i klimaomstillingen". I *Klimarett, Internasjonal, europeisk og norsk klimarett mot 2030*, Hans Chr. Bugge red., Oslo: Universitetsforlaget, 2021 s. 324 – 355.

Bjørnebye – lovkommentar (2021) Bjørnebye, Henrik. "Karnov lovkommentar til energiloven." I Lovdata Pro (2021). Lest 16.01.2023.

Danish Energy Agency (2020) Danish Energy Agency. "The Danish Energy Agency as a one-stop-shop authority." Oktober 2020.  
[https://ens.dk/sites/ens.dk/files/Globalcooperation/one-stop\\_shop\\_oct2020.pdf](https://ens.dk/sites/ens.dk/files/Globalcooperation/one-stop_shop_oct2020.pdf)  
Lest 15.04.2023.

DNV (2022) DNV og Norsk Industri. *Rapport - Energy Transition Norway 2022*. Høvik: 2022 <https://www.dnv.no/Publications/energy-transition-norway-2022-235535>  
Lest 07.02.2023.

- Energifakta Norge (2019) Energifakta Norge i regi av Olje- og energidepartementet. "Regulering av nettvirksomheten." (08.04.2019) <https://energifaktanorge.no/regulering-av-energisektoren/regulering-av-nettvirksomhet/> Lest 26.04.2023.
- Hovland (2022) Hovland, Kjetil Malkenes. "Ingen nye mål for havvind: - I ferd med å bli totalt akterutseilt." E-24, 12. april 2022. <https://e24.no/energi-og-klima/i/28AMdR/ingen-nye-maal-for-havvind-i-ferd-med-aa-bli-totalt-akterutseilt> Lest 24.03.2023.
- Falck (2004) Falch, Ingvald. *Rett til nett. Konkurransen i nettbundne sektorer*. Oslo: Universitetsforlaget, 2004.
- Fredriksen (2022) Fredriksen, Halvard Haukeland og Gjermund Mathisen. *EØS-rett*. 4. utg., Bergen: Fagbokforlaget, 2022.
- Fredriksen (2023) Fredriksen, Halvard Haukeland og Knut Einar Skodvin. "Gjelder EØS-avtalen på kontinentalsokkelen" i *Fakultetsbyggjar, vestlending og verdsborgar : festskrift til Ernst Nordtveit 70 år*. Konow, Marthinussen og Skodvin red., Oslo: Cappelen Damm, 2023, s. 489 – 510.
- Hunter (2023) Hunter, Tina Soliman og Ignacio Herrera Anchustegui. "Ernst, are you kidding me? Reflection about Norwegian energy law by non-Norwegian energy lawyers." I *Fakultetsbyggjar, vestlending og verdsborgar : festskrift til Ernst Nordtveit 70 år*. Konow, Marthinussen og Skodvin red., Oslo: Cappelen Damm, 2023, s. 405 – 432.
- Høisveen (2022) Høisveen, Per Håkon. "Regulation of Norwegian Renewable Energy for Electrification in the Energy Conversation." I *A force of energy; Essays in Energy Law in Honour of Professor Martha Roggenkamp*. Ruven Fleming m.fl. red. Groningen: University of Groningen Press, 2022, s. 222 – 229.
- Kaasen (2019) Kaasen, Knut og Henrik Bjørnebye. "Petroleums- og energirett." I *Knophs oversikt over Norges rett*, 15. utg. Harald Irgens-Jensen (red.), Oslo: Universitetsforlaget, 2019, s. 370 – 394.
- Laurantzon (2020) Laurantzon, Markus A. B. og Finn Arnesen. "Rettslige konsekvenser for norsk sjømatnæring ved brotfall av EØS-avtalen." I *Sjømatnæringen og Europa, EØS og alternativene*. Arne Melchior og Frode Nilssen (red.), Oslo:

- Universitetsforlaget, 2020, s. 83 – 117.
- Mauren (2021) Mauren, Karina Kviebakk. "Havenergiloven." I *Klimarett: Internasjonal, europeisk og norsk klimarett mot 2030*. Hans Chr. Bugge (red.), Oslo: Universitetsforlaget, 2021, s. 591 – 632.
- Naas-Bibow (2011) Naas-Bibow, Jens og Gunnar Martinsen m.fl. *Energiloven med kommentarer*. 2. utg. Oslo: Gyldendal, 2011.
- NIVA (2022) NIVS og Akvaplan-niva. *To veier mot god miljøtilstand. En sammenlikning av EU sitt havstrategidirektiv med de norske havforvaltningsplanene*. Rapport L.NR. 7689-2022. Tromsø, 17. januar 2022.  
<https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2022/mars/to-veier-mot-god-miljotilstand-en-sammenlikning-av-eu-sitt-havstrategidirektiv-med-de-norske-havforvaltningsplanene/> Lest 31.03.2023.
- Norwegian Offshore Wind Cluster (2021) Norwegian Offshore Wind Cluster. «Svarbrev – Høring av forslag til ny forordning om retningslinjer for transeuropeisk infrastruktur.» 5. mars 2021.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-forslag-til-ny-forordning-om-retningslinjer-for-transeuropeisk-infrastruktur/id2829835/?uid=b8b44f26-675b-46c9-95ad-44a979e57a19> Lest 22.02.23.
- NVE (2020) NVE. "Veileder for utforming av søknader om konsesjon for nettanlegg." Nr. 2/2020. Oslo, mai 2020. [http://publikasjoner.nve.no/veileder/2020/veileder2020\\_02.pdf](http://publikasjoner.nve.no/veileder/2020/veileder2020_02.pdf) Lest 03.03.2023.
- Rabben (2021) Rabben, Jon. "Karnov lovkommentar til energiloven." I Lovdata Pro (2021). Lest 26.04.2023.
- Regjeringa - artikkel (2022) Regjeringa. "Havvind." (23.06.2022) <https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/gront-industri/loft/havvind/id2920295/> Lest 06.02.2023
- Regjeringa – EØS-notat (2022) Regjeringa, "Energiinfrastrukturforordningen." [EØS-notat] " (21. november 2022). <https://www.regjeringen.no/no/sub/eos-notatbasen/notatene/2021/okt/energiinfrastrukturforordningen/id2888643/> Lest 27.03.2023.
- RME (2022) Reguleringsmyndigheten for energi ved Eirik Eggum, Lars Stemland Eide, Ove Flataker, Virginia Grigorian, Stian Henriksen, Marie Hjorth Slåttebrekk, Silje

- C. Syvertsen. *Regulering av nett til havs – Del I Radiell tilknytning til Norge*. RME Rapport Nr. 11/2022. Oslo: 2022. [https://publikasjoner.nve.no/rme\\_rapport/2022/rme\\_rapport2022\\_11.pdf](https://publikasjoner.nve.no/rme_rapport/2022/rme_rapport2022_11.pdf) Lest 07.02.2023.
- RME (2023) Regulierungsmyndigheten for energi ved Eirik Eggum, Ove Flataker, Virginia Grigorian, Stian Henriksen, Silje C. Syvertsen. *Regulering av nett til havs – Del II Hybridprosjekter*. RME Rapport nr. 1/2023. Oslo: 2023. [https://publikasjoner.nve.no/rme\\_rapport/2023/rme\\_rapport2023\\_01.pdf](https://publikasjoner.nve.no/rme_rapport/2023/rme_rapport2023_01.pdf) Lest 29.03.2023.
- Schütz (2014) Schütz, Sigrid Eskeland. "Internasjonale og EØS-rettslege perspektiv." I *Konsekvensutredninger, Rettsregler, praksis og samfunnsvirkninger*. Fredrik Holth og Nikolai K. Winge red., Oslo: Universitetsforlaget, 2014, s. 85-123.
- Schütz (2021) Schütz, Sigrid Eskeland. "Karnov lovkommentar til plan- og bygningsloven." I *Lovdata Pro (2021)*. Lest 20.02.2023
- Statkraft (2021) Statkraft (2021). "Forslag til ny forordning om retningslinjer for transeuropeisk infrastruktur (TEN-E)." 05. mars 2021. <https://www.regjeringen.no/contentassets/7b2dc5043bd9418283e3a89464f28c19/statkraft.pdf?uid=Statkraft> Lest 22.02.23.
- Statnett – brev (2022) Statnett. "Statnetts vurderinger knyttet til regulering av nett til havs." 12. oktober 2022. <https://www.statnett.no/globalassets/for-aktorer-i-kraftsystemet/planer-og-analyser/havvind/2022-10-12-brev-til-rme---statnetts-vurderinger-knyttet-til-regulering-av-nett-til-havs---sign-hakon.pdf> Lest 10.02.2023.
- Statnett (2023) Statnett. "Tilknytning av nye havvindområder til land." 15. februar 2023. <https://www.statnett.no/contentassets/07dc86f4970145ffaf0b7e5ff2d86d43/tilknytning-av-nye-havvindomrader-til-land---rapport-til-nve.pdf> Lest 12.04.2023.
- Wind Europe (2023) Wind Europe. *Wind energy in Europe 2022 Statistics and the outlook for 2023-2027*. Brussel: Februar 2023. <https://windeurope.org/intelligence-platform/product/wind-energy-in-europe-2022-statistics-and-the-outlook-for-2023-2027/> Lest 07.03.2023.